

A group of babies looking up at the camera, with a central text overlay. The babies are of various ethnicities and are dressed in colorful clothing. The background is a warm, golden light. The text overlay is a dark grey rectangle with white text.

Årsrapport 2012



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Innhald

1 Situasjonen i bispedømet	2
1.2 Generell tilstandsvurdering	4
Born og unge	5
Kultur	7
Diakoni og samfunnsengasjement	7
2 Resultat - kyrkjeleg sektor	8
2.1 Gudstenesteliv	8
2.2 Trusopplæring	8
2.3 Diakoni	10
2.4 Kyrkje og kultur	10
2.5 Organisasjonsutvikling og fornying	11
2.6 Demokratiutvikling	11
2.7 Ungdom	12
2.8 Misjon	12
2.9 Menneske med utviklings-hemming	12
2.10 Forbruk og rettferd	13
3 Prestetenesta	14
3.1 Prestedekning	15
Mykje for pengane	15
Døme på mogleg nytenking	18
Oppsummering	18
3.2 Organisering og leining	20
3.3 Arbeidsvilkår	20
3.4 Kompetanseutvikling	21
3.5 Retreatarbeidet	22
3.6 ABV	22
3.7 Likestilling presteskapat	22
3.8 Leining og samvirke	22
4 Forvaltning	23
4.1 Tilskotsforvaltning	23
4.2 Økonomiforvaltning	23
4.3 Miljøarbeid	23
4.4 Bispedømekontoret	23
4.5 Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning	25
4.6 Bispedømerådet	25

1 Situasjonen i bispedømet

Endringstider i Bjørgvin

Året 2012 har på fleire vis vore prega av endring i Bjørgvin bispedøme. Mykje av dette har vore til det betre, men ikkje alt. Den kritiske meldinga er at oppslutninga om gudstenesta viser ein viss nedgang; og at dåpstalet er synkende. Den gode meldinga er at kyrkja framleis står sterkt hjå folket i våre to fylke, og at det på fleire frontar vert teke nye grep for å nå lengre ut.

Ungdomsåret 2013

Åra frå 15 til 25 er særskilte år for menneskes liv, og kyrkja må vere til sta-



Biskopen og Marius Økland, Acta Sogn og Fjordane, i møte på ein langseringstur for Ungdomsåret 2013.

des her i langt sterkare grad enn det no skjer. Dette er den klåraste veikskapen i Den norske kyrkja i dag; og Ungdomsåret, som vi forkortar til **U2013**, er vårt svar på denne utfordringa her i Bjørgvin. Saman med *gudstenesta* er då også *ungdom* bispedømet sitt hovudsatsingsområde for 2011 til 2014.

Året 2012 var sterkt prega av førebuingane til U2013. I august kom ein prosjektleiar for U2013 på plass ved bispedømekontoret, og dette vart avgjerande for at vi fekk med oss energi og optimisme inn i dette året. Prosjektleiaren har hatt hovudansvaret for planlegginga av U2013. Gjennom hausten 2012 fram til

januar 2013 har han saman med meg som biskop, og nokon gonger også andre medarbeidarar ved kontoret, vore på vitjing i alle prostia i bispedømet. Saman har vi informert, og forhåpentleg også inspirert medarbeidarane til å ta tak i denne utfordringa.

U2013 er ikkje lagt opp som ein reform på linje med trusopplærings- og gudstenestereforma med standardisert planarbeid og rapportering. I staden vil vi be kvar einskild kyrkjelyd skal sette ungdom på dagsorden og sjølv sjå kva dei kan gjere lokalt ut frå sine tradisjonar og føresetnader. Kyrkjelydane må ikkje venje seg til ein tilstand der ein missar kontakt med det store fleirtalet av unge etter konfirmasjonen.

U2013 vil prege fleire større arrangement for ungdom rundt om i bispedømet. Vi vil vidare setje ungdom på dagsorden under visitasar, på Stiftsmøtet og andre møteplassar med kyrkjelydane og dei tilsette, og satse på utstrakt bruk av sosiale media.

Det er i denne samanhengen ei glede å melde at Bergen domkirke menighet har gjeve mykje av både pengar og innsats for å sette i stand St. Jakob kyrkje i sentrum av byen til «ungdomskatedral» med ei rekkje bruksområde. Denne satsinga kan vi vente oss mykje godt av.

Gudstenesta

Dersom ein tek med alle gudstenester, også dei som ikkje er haldne på sun- og heilagdag, så viser det totale talet ein oppgang på 74 gudstenester i 2012. Dette er gledeleg. Men det gjennomsnittlege frammøtet viser ein nedgang frå 101,7 til 99,5 på sun- og heilagdager, og frå 95,4 til 90,6 for andre gudstenester. Etter ein viss oppgang på gudstenestedeltakinga i 2011, er dette skuffande. Det er likevel grunn til å tru at vi på lang sikt kan oppleve ein viss oppgang i deltakinga ved gudstenestene etter som trusopplæringsreforma vert fullt gjennomført i alle prostia.

I same retning trekkjer forhåpentlegvis også gudstenestereforma, der dei fleste kyrkjelydane no har utarbeidd og fått godkjent ei ny grunnordning. Fleire av prostane kan i sine årsmeldingar melde om at arbeidet med gudstenesta har skapt ny interesse og engasjement i kyrkjelydane. Hovudinstrykket er at ein særleg har fokusert på å involvere fleire både i arbeidet med å førebu og å gjennomføre gudstenestene. Dette er då også det viktigaste elementet i gudstenestereforma.

Samstundes må det seiast at ein særleg i mindre kyrkjelydar har opplevd reformarbeidet som krevjande. Ikkje så reint sjeldan har presten her vorte meir eller mindre aleine med ansvaret. Når det så gjeld sjølve innhaldet i dei nye gudsteneordningane, så synest tendensen her å vere konservativ. Dette gjeld ikkje minst på det musikalske området. Prosten i Nordhordland og Ytre Sogn skriv soleis i si årsmelding at viss ein tenkjer på alt materialet, alle kurs, alle møte og alt arbeid som er lagt ned i denne reforma, og så ser på resultatet, kan det kanskje verke som om berget har født ei mus. Dette er eit hjertesukk ein lett kan forstå. Likevel meiner eg at tida ikkje er inne til å felle ein slik dom. Først om nokre år kan vi fullt ut sjå kva denne reforma har gitt av fornying til gudstenestelivet, også i dei små kyrkjelydane.

Dåpstala

I årsmeldinga for 2011 drog eg fram dei synkande dåpstala og skreiv følgjande: «Dette kan tyde på at det nett no går føre seg ei sterk sekularisering blant unge familiar som kyrkja må møte offensivt.» Diverre ser det ut til at denne negative utviklinga går vidare og gjeld større område. Bjørn Sandvik dokumenterer dette i ein artikkel i Luthersk Kirketidende nr. 4/2013 med tittelen «Folkekirke». Han viser òg at tendensen er sterkare i urbane enn i landlege strøk.

Prosten for Arna og Åsane prosti i Bergen har i prostiet funne ein nedgang på heile 18 % i dåpstala for perioden 2010 – 2012. Sjølv om ein ikkje kjenner fødselstalet i prostiet i same periode, er det neppe her ein finn heile forklaringa, då fødselstalet for Bergen berre fell med 1,4 % frå 2011 til 2010. Det er inga tvil om at færre kyrkjemedlemmer døyper borna sine, og dette vil i løpet av få år føre til ein markant nedgang i kyrkja sitt medlemstal.

Etter mi overtyding er vi her ved den største utfordringa for folkekyrkja nett no. Eg trur at årsaken til denne negative utviklinga delvis ligg i kyrkja si svikt i barne- og ungdomsarbeidet i dei åra desse foreldra var unge. U2013 og heile arbeidet med trusopplæringa er soleis strategisk viktige og riktige og heilt naudsynte satsingsområde framover.

Kirkelig Dialogsenter Bergen (KDB)

KDB, som vart starta opp i 2011, fekk i 2012 tildelt ein knapp halv million kroner frå Bergen kommune til drifta. Dette er eit gledeleg handslag til eit viktig arbeid under leiing av ein dialogprest i halv stilling, og bispedømet vonar at tilskotet ikkje vert ein eingongsstønad. I tillegg til ulike former for dialogarbeid overfor menneske av anna tru utviklar ein ved KDB m.a. også eit informasjonsprogram om religion og menneskerettar i samvirke med UDI og asylmottaka i region vest.

Johan Nordahl Brun-prisen

For fyrste gong kunne eg i 2012 dele ut denne prisen i Korskirken der Johan Nordahl Brun var prest før han vart biskop. Mange var til stades og fekk sjå at prisen gjekk til tidlegare sjef ved Den Nationale Scene (DNS), Bjarte Hjelmeland, for hans oppsetting av «Ordet» av Kaj Munk i 2011. Denne teateroppsettinga skjedde i samarbeid med bispedømet og var knytt til lanseringa av den nye Bibelomsetjinga.

Prisen skal delast ut årleg til ein person eller eit tiltak som har verka som brubyggjar mellom kyrkja og resten av samfunnet. Prisvinnaren vert peika ut av ein komité med følgjande medlemmar: biskopen, ordføraren i Bergen og den daglege leiaren av Kirkens Bymisjon i Bergen. Bergen kommune gjev 20.000 kr som prisvinnaren kan gje vidare til eit godt føremål.

Avslutning

Denne innleiinga til bispedømet si årsmelding for 2012 peiker berre på ein skilde trekk i det materialet som følgjer. Årsmeldinga for Bjørgvin syner at både samfunnet og kyrkja er inne i utfordrande endringsprosessar. Men den viser samstundes at det skjer mykje godt og byggjande arbeid som vil styrke både gudstenesta og anna arbeid i kyrkjelydane. Det gir von for framtida.

Framfor alt er det mi bøn at vi som kyrkje i Bjørgvin vil leve opp til vår visjon:

Saman vil vi ære Den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd.

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin



Bjarte Hjelmeland mottok den første Johan Nordahl Brun-prisen for oppsetjinga av teaterframysninga Ordet. Ordførar Trude Drevland applauderer.

Generell tilstandsvurdering

Hovudmål: DNK skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje som inviterer menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. DNK skal vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Kyrkjelege handlingar

Desse vurderingane er gjort på bakgrunn av førebels tal og det kan verta endringar når tala er kvalitetssikra av SSB.

Konfirmasjon

76,0 % av årskullet valde kyrkjeleg konfirmasjon, det er så og seia same prosent som i 2011, 76,1. 5849 vart confirmerte mot 6314 i 2011, men årskullet i 2012 er mindre. Det har vore ein liten auke i Sogn og Fjordane frå 85,0% til 86,2% og ein liten nedgang frå 74,0% til 73,6% i Hordaland.

Djupdykk i dåpstala

Dei førebels tala viser at 5356 vart døypte i 2012 mot 5598 i 2011. Det gjev ein dåpsprosent i forhold til alle fødte på 71,5 mot 74,7 i 2011 og 75,9 i 2010. Bjørgvin ligg 8 prosentpoeng over dåpsprosenten på landsbasis som var 63,4 i 2012, 66,4 i 2011 og 66,9 i 2010. Her ser vi at tala for Bjørgvin følger utviklinga elles i landet, men tala ligg høgare.

Det er gjort stikkprøvar for å få eit betre bilete av denne nedgangen på 3 prosent. Prosten i Arna og Åsane har gjort ei undersøking i sitt prosti i Bergen der det har vore ein relativt stor nedgang i dåpstala. I prostiet vart det døypt 511 born i 2010, 463 i 2011, mens ein i 2012 er nede i 415 dåpshandlingar. Det er 18 % ned på to år etter toppåret 2009, mens det siste året var ein nedgang på 10 %.

Diverre er det vanskeleg å finne ut kor stor del av borna som vert fødte som vert døypte, men det er ingen grunn til å tru at det totale barnetalet i eit vekstområde som Arna og Åsane har gått ned sjølv om fødselstalet i Bergen kommune totalt har gått noko ned (1,4 % frå 2010 til 2011). Difor er det grunn til å spørje om tradisjonen med å døype borna er på vikande front. Undersøkingar frå Stavanger (Asbjørn Saltes masteravhandling: Glipper det for folkekirken?, MHS 2012) og frå austlandet (Bjørn Sandvik, Folkekirke?, Luthersk Kirketidende 4/2013) tyder på dette.

Ser vi på dei ulike kyrkjelydane i prostiet, har fleire lågaste dåpstal på mange år, men det er vanskeleg å


trekka konklusjonar frå svingingane på eitt år til eitt anna. Det er store svingingar i årskulla, det same prostiet hadde auke i dåpstala i 2007 og 2009 og 2010.

Prosten undersøkte to sokn ved å gå inn i medlemsregisteret og sjå på dåpstala for borna av medlemmer fødte i perioden 1.okt. 2011 til 30.sept. 2102: (Ein periode på eit år der dei yngste er tre månadar ved siste årsskifte. Normalt vil dei fleste dåpshandlingar vere utførte då.) Av dei 31 borna som er fødte i Ytre Arna, det minste og mest oversiktlege soknet i prostiet, er 13 ikkje registrert døypte, det utgjør 42 %! Tilsvarande fann han i det største soknet, Åsane. Der er det 196 born som i perioden 1.okt 2011 til 30.sept 2012 er fødte og som er medlemmer eller tilhøyrande. 58 er ikkje registrert døypte

ved utgangen av januar 2013. Det er 29,6 %. Vi må ta atterhald om at det kan vera eit etterslep med registrering, men det synes likevel å vera ein tydeleg tendens.

Ein stikkprøve frå Stord sokn sør i bispedømet viser at av 2011-kullet er 117 registrert som døypte og 21 som tilhøyrige, det vil seia at 17,9% av kyrkjemedlemmene i Stord sokn ikkje har døypt sine born, i alle fall ikkje som speborn.

Det er grunn til uro dersom trenden med at kyrkjemedlemmer ikkje døyper borna sine festar seg. Asbjørn Salthe kallar dette biologisk avskalling og peiker på dette som viktigaste årsak til at medlemstalet minkar.



Vigsel

Tala viser at det var 39 færre vigslar i bispedømet i 2012 (1089) i forhold til 2011 (1122). Det var 19 forbønshandlingar for borgarleg inngått ekteskap mot 21 i 2011.

Inn- og utmeldingar

Talet på utmeldingar er gått vesentleg ned med 625 mot 729 i 2011. Talet på innmeldingar har og gått ned med 124 mot 179 i 2011.

Kyrkjemusikk

Talet på kyrkjelydar som har kyrkjemusikkplan har auka frå 43 i 2011 til 46 i 2012. Det er diverre ikkje meir enn vel ein fjerdepart av kyrkelydane, men det er kome tilbakemeldingar at fleire kyrkjelydar ventar med kyrkjemusikkplan til arbeidet med gudstenesteordningane og gudstenestemusikken er ferdig.

I samband med godkjenning av trusopplæringsplanar for Sunnfjord, Indre og Ytre Sogn prosti vart det i 2012 lagt vekt på integrering av kyrkjemusikk og gudstenesteliv. 36 av 42 hadde ei eller anna form for salmeline eller salmekanon, det tyder på at det vert tenkt medvite om kyrkjemusikken.

Talet på kor har gått litt ned til 178 barne- og ungdomskor frå 182 i 2011 og til 91 vaksen/familiekor frå 98 i 2011.

Born og unge

Årsstatistikken for 2012 viser ein liten framgang i talet på søndagsskular. For barnarbeidet elles sin del, er det litt reduksjon i tilbodet. I kva grad dette heng saman med auke i trusopplæringsstilbod, veit vi ikkje sikkert.

Situasjonen for ungdomsarbeid er svært ulik i bispedømet. Nokon stader er det ei brei satsing med ten-sing, ungdomsklubbar, leiartrening og ung messe. Andre stader er det mindre som skjer og ein syner til konfirmasjonstida som si ungdomssatsing.

Statistikken for 2011 synte at for omlag 40 av sokna er det lite eller ingenting som skjer for ungdom i kyrkja sin regi. Statistikken syner og at i dei alle fleste sokna så er det anten ein ungdomsklubb, kafe, leiartrening, kor eller unge frivillige. Årsstatistikken for 2012 viser ein liten

framgang i nokre av ungdomstilboda som bl.a. KRIK og leiarkurs.

Der statistikken syner lite eller ingen aktivitet for ungdom er nok heller ikkje det heile sanninga. Mange stader er det ungdomsarbeid i regi av ein organisasjon som ikkje kjem med når soknet skal føra statistikk over eige arbeid. Bilete er med andre ord svært samansett. Vi håpar at ei brei ungdomssatsing i 2013 kan gje oss eit klårare bilete av Ungdomssatsinga i bispedømet.

Ungdomsåret 2013 er såleis ei satsing som særskild vil bevestigjere kyrkjelydane på denne utfordringa. At kyrkjelydane i løpet av året kan våge å tenkje einisidig og leggje ein strategi for å gjere noko med denne utviklinga.

Trusopplæring



Frå pilegrimsvandring mellom Ulvik og Eidfjord. Foto: Elise Sæle.

I arbeidet blant born og unge er trusopplæringsreforma det mest framtrudande. Det er ei omfattande reform og det er knapt med tid på å få på plass gode planar når ein vert innfasa. Mange einingar kjempar med små ressursar både personalmessig og økonomisk i Bjørgvin. Fleire plassar lukkast dei godt i arbeidet, men mange fortel òg om slitasje og høgt arbeidstempo over lang tid.

Dette gjorde at Bjørgvin i 2012 hadde eit ekstra fokus på å få puste i arbeidet, noko som gjorde seg gjeldande mellom anna i ein fagdag for kateketar og diakonar der tema var: Unngå å bli utbrent. Denne fagdagen var også open for andre i trusopplæringa. I oktober vart det arrangert ei samling for alle medarbeidarar i trusopplæringa i Bjørgvin, i forkant av den store Trusopplæringskonferansen i Oslo, der overskrifta var «Bøn i kvardagen, ein skapande pause.»

Det har vore ein del utskifting av tilsette

i trusopplæringa, i tillegg til at nye prosti vert innfasa i reforma. Dette gjer at i 2012 vart det satsa på eit nytt kursopplegg for nye medarbeidarar i trusopplæringa i samarbeid med NLA-høgskulen. Her deltok både nye medarbeidarar i reforma, nokre som trengte ei oppfrisking og studantar frå NLA. Kurset fekk svært gode tilbakemeldingar.

Trusopplæringa er delt inn i ulike faser. Ventefasen rommar dei som enno ikkje har fått midlar. Kyrkjelydar som tidlegare har fått porsjektmidlar, og som framleis får desse midlane, er i mellomfasen. Kyrkjelydane som har fått midlar til å utarbeide planar, og som arbeider fram mot ei plangodkjenning, er i gjennomføringsfasen. Kyrkjelydar som har fått godkjent sine planar, har gått over i driftsfasen. Kyrkjelydane i Fana og Nordfjord hadde fyrste året i driftsfase i 2012. Kyrkjelydane i Sunnfjord, Indre Sogn og Ytre Sogn gjennomgikk plangodkjenningsprosess hausten 2012. Kyrkjelydane i Sunnhordland og Midhordland har vore i gjennomføringsfasen, medan resterande kyrkjelydar har enten vore i mellom- eller driftsfasen i 2012.

Born 0-5

I Bjørgvin har det vore fokus på å legge eit godt grunnlag for trusopplæring, alt frå dåpsfasen. Alle kyrkjelydar praktiserer dåpssamtale/dåpskurs for foreldre og ev. fadrar. Der blir det lagt vekt på gjensidig forventning til trusopplæringa og presentasjon av kyrkja sine tilbod om trusopplæring for barn og unge mellom 0-18 år.

Tal frå kyrkjelydane i driftsfasen som rapporterer på www.storstavalt.no viser at det er 97% oppslutnad om dåpssamtale/dåpskurs.

Det er tydeleg at trusopplæringa har ført til auka aktivitet i mange kyrkjelydar. Mellom anna kan ein sjå at mange satsar på lavterskeltilbod som babysang og småbarnssang. Det gjorde og at det i 2012 vart gjennomført babysongkurs i Sogn og Fjordane

Fleire stader har ein hatt tradisjon for utdeling av dåpshelsingar og bøker i denne fasen. Fleire vel å utvide tiltak som t.d. 4-årsbok til å bli meir enn berre ei bok- utdeling på gudstenesta. Frammøtet kan variere, oppslutnaden er størst i mindre



Leikanger kyrkjelyd er ein av mange som inviterer seksåringane til skulestartmarkering. På ser vi billetet sokneprest Egon Askvik og trusopplærar Guri Høstaker Nordheim.

sokn medan byprostita slit meir med å få ein god oppmøteprosent. Likevel er det stor semje om at 4-årsbok er eit godt innarbeida tiltak med lange tradisjonar. Noko som gjer at til tross for lav oppslutnad enkelte plassar, så er det likevel forventa at det blir gjennomført.

Born og unge 6-12

Tiltak for 6-åringane har det òg vore eit fokus på dei siste åra. Mange av kyrkjelydane har starta opp med skulestartgudsteneste eller utdeling av bok på dette alderstrinnet, og opplevd at det har vore eit fint tiltak. Oppslutninga har vore varierende, men i driftsfasen i 2012 var det ein deltakaroppslutning på 23%, noko som vitnar om at det har potensiale for noko vidare.

Dei store nasjonale satsingane «Tårnagent» og «Lys vaken» har vorte godt mottekne i kyrkjelydane. Stadig fleire vel å satse på dette, og har opplevd stor suksess med det.

«Lys vaken» har i fleire år vore vellukka, og tala frå driftsfasen i 2012 der ein kan skilte med deltaking frå 32% av årskullet, viser at det framleis er eit godt opplegg å bruke. Tårnagenthelg vart lansert hausten 2010, og har difor ikkje hatt like lang fartstid. Likevel har det greidd å etablere seg godt, og tala viser at i driftsfasen er det 28% oppslutning om dette tiltaket. Kyrkjeleg årsstatistikk sine førebelse tal viser at 96 kyrkjelydar gjennomførte tårnagenthelg i 2012. Lys vaken var det

91 kyrkjelydar som gjennomførte. Dette betyr at godt halvparten av kyrkjelydane i Bjørgvin gjennomførte desse tiltaka i 2012.

Dei fleste som har fått midlar har gode tiltak på dei fleste alderstrinna i denne fasen. I 2012 vart det og gjennomført kurs i «Grøn trusopplæring» i Bergen i samarbeid med IKO. Om lag 60 medarbeidarar deltok på denne dagen.

Ungdom 13-18

2012 var oppkøyringsår til U2013 – ungdomsår i Bjørgvin. Det er tydeleg at ungdomssatsing er både krevjande, utfordrande og bra. Dei fleste har gode tiltak fram til og med konfirmasjonen, der driftsfasen ligg på 87% oppslutning – noko som ville vore høgare om gjennomføringsfasen òg var rekna med.

Etter konfirmasjon møter ein på utfordringa «korleis skal vi få med oss ungdommen vidare». Ein «ungdomsgenerasjon» på ein liten stad er kort før ungdomane reiser bort. Dette gjev ei utfordring i å oppretthalde arbeid. Det som fungerte i fjor treng ikkje fungere i år. Det kan vere noko av grunnen til at færre kyrkjelydar har ungdomsklubb eller liknande tiltak i 2012 enn i 2011. Det må òg presiserast at sjølv om det har vore ein nedgang så har ein likevel tiltak i over 1/3 av kyrkjelydane i Bjørgvin.

Det er verd å merke seg at fleire melder og om at haldningane hos konfirmantane

som har vore med på mange trusopp-læringstiltak fram mot konfirmasjonen, er annleis enn hos dei som ikkje hadde same tilbod. Til dømes melder fleire av kyrkjelydane i Sogn at konfirmantane som har vore med på tiltak som Lys Vaken og minikonfirmantar, viser på ein heilt ny måte at dei er kjende og høyrer heime i kyrkja. Så det kan vere at trusopp-lærings-tilbodet fram til konfirmasjon er viktig for å få til eit trusopp-læringstilbod etterpå.

Hausten 2012 var det arrangert konfir-mantforum i Førde og Bergen med sær-skild fokus på digital mobbing.

Vegen vidare

Det er totalt sett god driv i trusopp-læringsarbeidet i Bjørgvin. Samstundes ser ein at det krev mykje over kort tid, m.a. med at det skal utarbeidast ein under-visningsplan for 0 - 18 år på under to og eit halvt år. Dette gjer det utfordrande å halde på gode medarbeidarar.

Det er og ei utfordring å få inn folk med rett kompetanse når det gjeld planar-beidet. Særleg sidan det mange plassar berre er midlar til små stillingar.

Likevel er det mange gode, kreative løysingar som igjen utløyser eit frivillig engasjement for arbeidet blant barn og unge. Dette kan og gripe inn i korleis ein tenker kyrkje totalt sett. Eksempel på dette er eit trusopp-læringsteam som oppstod då dei ikkje fekk søkarar til stilling i Kvinnherad, noko som har ført til mykje godt arbeid i trusopp-læringa, men og eit større samhandling mellom dei ulike kyrkjekontora i kommunen.

Den største utfordringa med trusopp-læringsreforma er at det framleis er tre prosti som ikkje har fått starta i gjennomføringsfasen. Det er og ei utfordring at sjølv om oppfylgjingsansvaret frå bispedømekontoret har vorte større, så er det ikkje tilført meir ressursar til dette.

Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid

Kyrkja i Bjørgvin samarbeider i høg grad framleis med skule og barnehage. Det har ikkje vore registrert særleg uro rundt skulegudstenester i 2012. Av vår eiga undersøking går det fram at 74,3% av kyrkjelydane som har midlar frå reforma og 47,1% som ikkje midlar har ein plan for skule/kyrkjesamarbeid. Sameleis har 62,9% av kyrkjelydane som har midlar frå

reforma og 48,5% som ikkje midlar ein eigen plan for barnehage/kyrkjesamarbeid. Det er interessant å merke seg at auka fokus på trusoppføringsplanar ser ut til å gje uttelling i form av fleire konkrete planar for samarbeidet mellom skule/barnehage og kyrkje.

Ungdomsdemokratiet

I 2012 valde ungdomsrådet å gjere fleire grep for å auke oppslutninga på ungdomstinget(UT). Ungdomstinget var planlagt til fyrste helga i februar, men då vinterfestivalen til KFUK/KFUM blei flytta til denne helga, valde ungdomsrådet å flytta UT til august. I tillegg valde ein å arrangere ungdomstinget i Bergen, i staden for på Dyrkolbotn – og ein valde å ha det på ein laurdag. Dette kom det fleire positive tilbakemeldingar på.

Totalt var det 31 påmeldte delegatar, men grunna m.a. sjukdom, var det berre 18 delegatar igjen når dagen kom. Likevel var ungdomstinget ein vellukka dag, engasjementet var stort og geografisk var representasjonen god. Nokre utfordringar var det likevel, og det var vanskeleg å få valt eit ungdomsråd som var fulltalig. Men ein fann ei løysing som er mogeleg å leve med fram til neste ungdomsting.

Ungdomsdemokratiet er viktig, og det blir arbeid jamt og trutt med å løfte det fram. Mellom anna har ein valt å informere om det i dei møtepunkta ein har lokalt – då særleg ved dei prostivise samlingane som har vore arrangert i samband med U2013 – ungdomsåret i Bjørgvin. Vi ser at mange medarbeidarar ikkje har hatt kjennskap til ungdomsdemokratiet, og

håpar at denne informasjonen dei no har fått, gjer at dei setter inn litt ekstra på å sende ungdom på ungdomstinget.

Stillinga som ungdomsrådsgjevar har hatt eit handicap i og med at den har ei prosentstilling kopla til andre stillingar. Det har nokre fordelar, men har då og som gjerne blitt pressa av andre prioriteringar. I 2012 har ein tilsett ny ungdomsrådsgjevar, framleis i 20 %, men kopla til eit ungdomsprosjekt i St Jakob. Dette er eit samarbeid med Bergen Domkirke menighet og KFUK/M. Stillinga har med det fått alt sitt fokus retta mot ungdom, og såleis kan ein arbeide meir målretta med ungdomsdemokratiet.

Kultur

Det er ein auke i det totale besøket på kulturarrangement i kyrkjene. Det vart halde konsertar eller musikkandaktar, 800 med 72013 tilhøyrarar i regi av kyrkjelyden (720/74144 i 2011) og 516 med 83473 tilhøyrarar i regi av andre (441/78590 i 2011). Totalt var det 155486 tilhøyrarar, det er 2752 fleire enn i 2011. Av andre kulturarrangement var det 154 med 18262 tilhøyrarar (166/16869 i 2011) i regi av kyrkjelyden og 49 med 7205 tilhøyrarar i regi av andre (32/3737 i 2011), totalt 25467 og det er 4861 fleire enn i 2011.

Diakoni og samfunnsengasjement

Sjå del II.



Frå ungdomstinget 2012. Foto: Liv-Helga Hammeren Fure

2 Resultatrapport – kyrkjeleg sektor

2.1 Gudstenesteliv

Styringsparameter: Fornyng av kyrkja sitt gudstenesteliv

Resultatmål: Auke gudstenestedeltakingar

Indikator 1. Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på sun- og helgedagar

Gudstenestetat

Talet på gudstenester på sun- og heilagdag er gått ned frå 6658 i 2011 til 6573 i 2012. Det er 85 færre, dette kan skuldast at både vesle julaftan og dagen før nyttårsaftan var sundagar og at det mange stader ikkje var gudsteneste desse dagane p.g.a. julekveldsgudstenester og nyttårgudstenester dagen etter. Når det gjeld andre gudstenester utanom sun- og heilagdag er tendensen motsett. Det var 156 fleire i 2012 enn i 2011. Det er grunn til å tru at ein del av desse har samanheng med at trusopplæringa i dei store kyrkjelydane ofte fører til fleire spesialgudstenester.

Oppmøtet på sun- og heilagdag er gått ned med 3,5 % frå 677 366 i 2011 til 653 742 i 2012. Gjennomsnittet gjekk frå 101,7 i 2011 til 99,5 i 2012. Det tilsvarar

2009-tala etter ein oppgang i 2010 og 2011.

Totaltalet på gudstenester har auka med 74 frå 8876 i 2011 til 8950 i 2012, fram-møtet har gått ned frå 846643 i 2011 til 811066 i 2012. Gjennomsnittleg oppmøte på alle gudstenester har minka frå 95,4 i 2011 til 90,6 i 2012 som tilsvarar 2008-nivået.

Nattverd

Talet på nattverdgdudstenester har gått opp frå 4172 i 2011 til 4260 i 2012. Talet på nattverddeltakarar har gått opp for andre år på rad frå 151244 i 2011 til 157877 i 2012. Det er ein auke på 4,4%. Gjennomsnittsdeltaking per nattverdgdudsteneste er auka frå 36,3 i 2011 til 37,1 i 2012. Mange kyrkjelydar starta med den nye gudstenesteordninga 1. sundag i advent 2011 eller i byrjinga av 2012. Når den nye gudstenesteordninga legg opp til at det skal vera nattverd i dei fleste hovudgdudstenester er det grunn til å tru at dette forklarar litt av auken i deltakarar. I tillegg ser ein mange stader at trusopplæring knytt til nattverdgdudstenester aukar deltakartalet.

Indikator 2. Talet på lokale ordningar godkjent av biskopen

I 2012 var det registrert inn 149 av 174 mogelege søknader og av desse fekk 70 svar før 1. sundag i Advent, dette inkluderer alle som leverte inn innan fristen. På grunn av sjukdom vart det ikkje sendt svarbrev til alle før årsskiftet. 120 av søknadane var godkjende utan eller med få merknadar og ingen er ikkje godkjende, men nokre har fått utsett frist eller har omarbeidd ordninga etter rettleiing frå bispedømekontoret.

Dei aller fleste har laga gode lokale grunnordningar innanfor ramma av den nye gudstenesteordninga. Tendensen er at ein er forsiktig og konservativ og mange vil bruka lenger tid på å prøva ut musikkalternativa. Nokre vil halda fram med å stå under lesetekstane og ha truvekjenninga etter andre lesing som før. Dette gjev den nye ordninga ikkje rom for. Ordningane er godkjende for to år dersom dei ikkje bed om noko anna for at det same soknerådet som vedtok dei også skal evaluera ordninga. Mange stader vil det truleg vera behov for å justera ordningane fordi det tar tid å finna den stadeigne forma.

2.2 Trusopplæring

Styringsparameter: Vidareføring av trusopplæringsreforma


Resultatmål 1: Utbreiing av trusopplæringsreforma

Resultatindikator: Delen kyrkjelydar i bispedømet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2012.

Pr. 31.12.12 har 7 av 12 prosti i Bjørgvin fått midlar til innfasing av trusopplæringsreforma i heile prostiet:

I løpet av 2012 «mista» vi eit prosti, då delar av Laksevåg prosti blei oppløyst, og sokna blei delt mellom Fana prosti og Domprostiet.

Dette betyr at 71% av sokna hos oss har midlar frå trusopplæringsreforma. Av desse er 34 sokn i driftsfasen, 81 i gjennomføringsfasen og 15 i mellomfasen.



og at 106 811 barn og unge bør vere berørte av trusopplæringsreforma. Ved utgangen av 2012 var det 56 sokn som enno ikkje har fått midlar.

Resultatmål 2: Omfanget av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane.

Resultatindikator: Gjennomsnitt timetal trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen.¹

Kyrkjelydane i driftsfasen gjennomførte i snitt 137 timar trusopplæring i 2012. Dei lokale planane for kyrkjelydane i nettverket «Størst av alt» viser at ein fulldriven plan skal utgjere om lag 214 timar i snitt. Det er difor ein forholdsvis stor differanse, og årsakene ulike. Dei fleste av kyrkjelydane har ikkje fått sett i verk alle planlagde tiltak enno. Dette er forventa. Det tar tid å få alle tiltak frå 0-18 på beina og godkjende planar operer med framdriftsplanar

for når kvart tiltak skal vere på plass. Ei anna årsak er at gjennomføringa er sårbar med omsyn til vakanse i stillingar. I tillegg fangar ikkje rapporteringssystemet opp rullerande tiltak; t.d. der kyrkjelyden har slått saman to årskull på to ulike tiltak og gjennomfører desse tiltaka kvart sitt år, vil det tiltaket (t.d. Lys Våken) stå som ikkje gjennomført det året ein kjører det andre tiltaket (t.d. Tårnagentar) og omvendt.

Resultatmål 3: Oppslutnaden om trusopplæringstilbodet i kyrkjelydar som er tatt inn i gjennomføringsfasen.

Kyrkjelydane i driftsfasen i Bjørgvin hadde ein gjennomsnittleg oppslutnad på 45% på utvalde tiltak. I driftsfasen har vi to svært ulike prosti; Fana (folkerikt bynært prosti) og Nordfjord (grisgrend og lange avstandar). I store sokn som Fana slit ein med å få opp talet på deltakarar. Utfordringa ligg også i at det er vanskeleg å handtere 200-300 deltakarar

frå eitt årskull på eitt tiltak! I prosti som Nordfjord har ein gjerne høg oppslutnad, men ein er meir sårbar mht å få gjennomført tiltaka i forhold til vakante stillingar. Konfirmasjonen står høgt hos oss både i byen og på bygda og har ein gjennomsnittleg oppslutnad på 87%. Tiltaka etter konfirmasjonen er heller få, og når færre. Dette håpar vi vil endre seg med satsinga på U2013 (Ungdomsåret i Bjørgvin) og fokuset på nettopp åra etter konfirmasjonen.

Resultatmål 4: Talet på kyrkjelydar som har fått godkjent plan

35 sokn har fått godkjent plan i 2012 (8 i Fana prosti og 27 i Nordfjord prosti).

Resultatindikator: Gjennomsnitt deltakarandel ved eit utval representativt trusopplæringstilbod.

Har desse tilboda:

- Dåpsamtale/dåpskurs for foreldre – 97% (driftsfasen) – 98,6% (alle med tilskot)
- Utdeling av 4-årsbok – 45% (driftsfasen) – 100% (alle med tilskot)
- Tiltak for 6-åringar – 23 % (driftsfasen) -
- Arrangerte Tårnagent i 2012 – 28% (driftsfasen)
- Arrangerer Lys vaken i 2012/2013 – 32% (driftsfasen)
- Har breiddetiltak for ungdom etter konfirmasjonen – 12% (driftsfasen)

Det er interessant å merke seg at 93% av alle som har midlar frå reforma (ut i frå vår eiga undersøking «Status trusopplæring 2012») har tiltak for 6-åringar i og med at dette er eit ganske nytt tiltak og ikkje har karakter av å vere ei nasjonal satsing på same måte som t.d. Lys Vaken og Tårnagent.

Ut i frå vår eiga kartlegging der 36 av 56 sokn som ikkje har fått midlar frå reforma svarte, er det også interessant å merke seg den smitteeffekten som trusopplæringsreforma har. Det ser vi

2) Undersøkinga vart gjort via Questback. 72 med TOL 109 av 186 sokn svarte på spørsmåla. Av dei 56 sokna som ikkje har trusopplæringsmidlar, svarte 36.

Trusopplæringsfasene		
Fase	Prosti	Fasestart
Driftsfasen	Nordfjord	2012
Driftsfasen	Fana	2012
Gjennomføringsfasen	Sunnfjord	2010
Gjennomføringsfasen	Indre Sogn	2010
Gjennomføringsfasen	Ytre Sogn	2010
Gjennomføringsfasen	Sunnhordland	2010
Gjennomføringsfasen	Midhordland	2010

Ni tidlegare forsøksprosjekt mottek framleis tilskot	
Prosjektkyrkjelyd	Prosti
Ostereidet	Nordhordland
Meland	Nordhordland
Domkirken	Domprostiet
Olsvik	Domprostiet
Fjell	Vesthordland
Eidsvåg	Arna og Åsane
Voss	Hardanger og Voss
Eidfjord	Hardanger og Voss
Ullensvang	Hardanger og Voss

1) Kyrkerådet rapporterer for 2012 berre resultatata for kyrkjelydar i driftsfasen, ikkje gjennomføringsfasen. Vi kan difor diverre ikkje rapportera på gjennomføringsfasen.

m.a. i at 65,7% av desse har starta med arbeidet med ny plan for trusopplæring. Av «nye tiltak» ser vi at 67,7% har tiltak for 6-åringar, 43,3% arrangerer Tårnagent, 45,2% arrangerer Lys Vaken og 27,6% har breiddetiltak etter konfirmasjonen! Jf tala for driftsfasen ovanfor lovar dette godt for åra framover.

Resultatindikator: Talet på godkjende trusopplæringsplanar

I løpet av 2012 gjekk 35 sokn over i driftsfasen og 29 planar blei godkjente av Bjørgvin biskop (fleire sokn har same plan).

2.3 Diakoni

Styringsparameter: Styrking av kyrkjelyden si diakonale omsorgsteneste

Resultatmål 1. Talet på diakonar

25,9 årsverk.

Resultatmål 2. Utbreiing av diakoniplanar

Indikator 1: Delen kyrkjelydar som har diakonal betening

75 sokn.

Indikator 2: Delen sokn med lokal plan

120 (jf. Førabels årsstatistikk SSB)

Nytt diakoniutval har hatt eit møte i 2012, og har dermed så smått kome i gang med arbeidet. Diakoniutvalet vil i 2013 bidra i endå større grad med sette diakonien på dagsorden i bispedømet. Våren 2012 godkjende det førre diakoniutvalet i Bjørgvin nye diakoniplanar for seks kyrkjelydar.

Det er stor vilje til å søke å få realisert nye diakonstillingar til Bjørgvin bispedøme. Fridalen og Årstad kyrkjelydar har jobba med dette, og Bergen kommune har i sitt budsjett sett av midlar til diakonal nysatsing i Ytre Arna og Haukås.

Bispedømet har også i 2012 arrangert fire fagdagar i diakoni med svært god oppslutnad frå diakonar og diakoniarbeidarar i Bjørgvin. Eit av desse seminara (hausten 2012) vart gjort om til eit tverrfagleg seminar for vigsle medarbeidarar og kyrkjeverjer om førebygging av vald og seksuelle overgrep i samarbeid med

«Kirkelig ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep».

2.4 Kyrkje og kultur

Styringsparameter: Vidareutvikle og styrke kyrkja si rolle som kulturformidlar

Resultatmål 1. Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles

Resultatmål 2. Bygge kyrkjeleg kulturkompetanse, å utvikle og vidareformidle spisskompetanse

Resultatmål 3. Auke og fremje brei kyrkjeleg kulturkompetanse.

Indikator 1: Talet på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke offentleg støtte

Vi har registrert 58 kulturtiltak.

Indikator 2: Talet på nye samarbeidstiltak

23 samarbeidstiltak.

Indikator 3: Talet på deltakarar på kompetansehevande kurs innan kulturfeltet

40 deltakarar.

Tala for kulturtiltak er samla inn gjennom spørjeundersøking blant kyrkjelydane i Bjørgvin. 112 sokn av 184 har svart, så tala er difor ikkje fullstendige.

Møtestader for kyrkje, samfunn, kunst og kultur

Kyrkja ynskjer å etablere opne møte- stader for kunst, kultur og musikk og menneske. Nokre eksempel i 2012 er publikumssamtalar i samband med Sogn og Fjordane teater sine framsyningar om salmediktaren Matthias Orheim og også etter Den Nationale Scene si framsyning Abrahams Barn med Svein Tindberg.

Biskopen har sjølv vore aktiv innleiar på Bergen Filharmoniske Orkester sine konsertprogram med bibelsk innhald. Erfaringar frå møta har synleggjort ein gjensidig respekt og interesse for dei rikdomane som finnes i både kyrkja og kulturen, - og eit ynskje om framtidig dialog.

Kyrkja som kulturarena og kulturaktør – Førde 21. - 22. mars

Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterte saman med Sunnfjord prosti og Bjørgvin bispedøme til konferansen «Musikk i kyrkja» i Førde 21. og 22. mars. Tema var samspelet mellom kyrkjerom, kyrkjelyd, utøvarar, lokalmiljø og publikum.

Gjennom innlegg, samtalar og konsertar, var føremålet å styrkje arbeidet med musikk i kyrkjerommet. Kyrkja som kulturarena, kyrkja som samarbeidspart og kyrkja som arbeidsplass var mellom dei tema som blei drøfta.

Bidragstytarane var profesjonelle og



Møte mellom salmediktarar: Kapellan Sindre Skeie (t.v.) og Svein Ellingsen på salmekveld hos biskopen. I bakgrunnen domkantor Kjetil Almanning. Kulturrådgevar Ragna Sofie Grung Moe til høgre.

frivillige utøvarar, brukarar, forskarar, byråkratar og forvaltarar. Dei nærare 60 deltakarane ønskja seg meir samarbeid på tvers av kommunegrensar, samarbeid om større prosjekt og meir samarbeid mellom amatørar og profesjonelle utøvarar.

Salmesong i heimen

Mandag 3. september sto biskopane i Bjørgvin og Stavanger for den offisielle opninga av ein ny nettstad som skal hjelpe folk til å arrangera salmekveld i heimen sin, <http://salmekveld.no>.

Salmekveldane var eit prosjekt som skal fremje salmesongen i samband med at Den norske kyrkja får ny salmebok og at NOPA (Norsk Forening for komponister og tekstforfattere) feira sitt 75 års-jubileum i 2012.

Nettoverføringa starta hjå biskop Halvor Nordhaug i Bergen. Der var også salmediktar og NOPA-medlem Svein Ellingsen, domkantor Kjetil Almending og ei salmesongglad forsamling. Deretter overtok Stavanger med biskop Erling Pettersen, salmediktar og NOPA-medlem Eyvind Skeie, domkantor Oddgeir Kjetilstad og nok ein salmesongglad flokk. www.salmekveld.no vil vere ein ressurs både i høve lanseringa av den nye salmeboka i 2013 og generelt for folk flest.

Kompetansehevande kurs

Nokre av konklusjonane frå konferansen i Førde blei fulgt opp i informasjons- og arbeidsseminaret "Den gode prosjektsøknaden" – for tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkja, som blei arrangert både i Førde, Bergen og på Voss, - som eit samspel mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, Bergen og Voss kommunar og Bjørgvin bispedømekontor.

Samtidskunst i kyrkja - direktesendt videovisning frå Ytrebygda kyrkje.

Oslo, Nord-Hålogaland og Bjørgvin bispedøme og ein kyrkjekunstkonferanse i München var partnerar i eit direktesendt kyrkjekunst-prosjekt der tre korte kunstprosjekt blei overført på nett-TV (Skype) med etterfølgjande livesamtalar frå Oslo/Bøler kirke, Bergen/Ytrebygda kirke og Kautokeino til KulturKirchenKonferenz i München. Avslutningsvis var det ein fellessamtale mellom dei tre visningsstadane i Noreg og München. Alle tre

visningsstadane la vekt på å inkludere ulike menneske med ulik ståstad i samtalen - kyrkjelyden sine eigne medlemmer og ungdom/studentar.

Heilagøya Selja - eit åndeleg kraftsentrums for menneske i vår tid.

Bjørgvin bispedøme har vore observatør i Selje kommune sitt interimstyre som har utgreidd grunnlag og innhald i eit kloster- og pilegrimssenter.

Interimstyret tilrår at det vert etablert eit kloster- og pilegrimssenter i Selje. Senteret sitt overordna føremål skal vere formidling, forvaltning og forskning samt utvikling, oppleving og verdiskaping knytt til Selja kloster- og helgenanlegg. Senteret skal også arbeide med norsk kloster- og helgenhistorie generelt.



St. Sunniva
© Per Bækken.

Kystpilegrimsleia

Bjørgvin bispedøme støttar og deltar aktivt i utvikling av Kystpilegrimsleia som eit reiskap i trus- og kyrkjelydsutvikling.

Fylkeskommunane og bispedøma langs Vestlandskysten og heilt til Sør-Trøndelag samarbeider om prosjektet Kystpilegrim Rogaland–Nidaros. Pilegrimsleia skal ta utgangspunkt i kulturminne og heilagstadar langs vegen.

Kystpilegrimsleia til Nidaros skal vekkje reiselysta langs kysten.

Prosjektgruppa håpar å kunne lansere Kystpilegrimsleia i 2014.

2. 5 Organisasjonsutvikling og fornying

Resultatmål: Leggja til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, m.a. gjennom auka samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrensar, slik at kyrkja si organisering og forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert.

Omfang av forsøk og utviklingsarbeid

Indikator 1: Delen av fellesråd som deltek i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av sokne-/kommunegrensene.

To fellesråd er slått saman til eitt (Sogndal og Leikanger).

Indikator 2: Delen av sokn som deltek i forsøk med samanslåtte sokneråd

11 sokn.

Fem sokn er med i prosjektet «Kyrkjelydsutvikling i folkekyrka», eit samarbeid med Menighetsfakultetet. Dette er organisasjonsutvikling der ein skal hjelpe kyrkjelydane til i større grad å gjere det dei er meint å gjere.

2. 6 Demokratiutvikling

Resultatmål: Legge til rette for auka deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet

Indikator: Talet på deltakarar på kurs for valde medlemmer av kyrkjelege råd (SR-kurs og FR-kurs)

Det vart halde prostivise kurs for dei nyvalde sokneråda i januar – mars. Staben frå bispedømekontoret delte på oppgåva som kurshaldarar. I Bergen samarbeidde vi med Bergen kirkelige fellesråd om å ha felles kurs. Totalt deltok 704 personar på desse kursa.

KA hadde eigne kurs for fellesråda. Frå Bjørgvin var det om lag 350 deltakarar.

Elles var 2012 eit «kvileår» utan kyrkjeval eller nært føreståande val. Derimot var det ein del sokneråd og fellesråd som arbeidde med fråsegn til Kyrkjerådet sitt refleksjonsdokument om kyrkjeordninga etter 2013.

2.7 Ungdom

Referansegruppe

Våren 2013 inviterte vi til 3 møte med ei referansegruppe som bestod av representantar frå dei ulike kristne ungdomsorganisasjonane, ungdomsrådet, Ung Kirkesang og fagteologar på ungdomsteologi frå NLA.

På desse møta avklarte vi korleis satsinga skulle vere for ungdomsåret. Vi ville vere med og fronte organisasjonane sine ungdomsarrangement som Ungdomsårarrangement, vi ville satse på ein ungdomsleiarkonferanse med NLA, utarbeide ei bøn for ungdomsåret. Samstundes ville vi utfordre kyrkjelydane på å ha ungdomsåret lokalt. Det var brei semje om at Ungdomsåret ikkje berre måtte bli ein «happening» for 2013, men at det vart starta ei langsiktig satsing i 2013 som kunne skape endring over tid. Det skulle lagast ei nettside: www.ungibjorgvin.no med ein kalender som alle kunne leggje sine større ungdomsarrangement inn i for å unngå kollisjonar og samstundes synleggjera alt som føregår for ungdom i vårt bispedøme på ein stad.

Vi har og oppretta ein facebook-profil for Ungdomsåret.

Styringsgruppe

Prosjektleiari og biskop sette ned ei styringsgruppe for Ungdomsåret som skulle ta seg av den detaljmessige planlegginga av året. Her vart idear frå referansegruppa konkretisert og vi bestemte logo og motto for året. Mottoet vart «Venner for livet». Det heng saman med ikonet «Jesus og vennen hans» eit koptisk ikon som syner abbed Menas saman med Jesus som har armen sin over skuldra til abbeden. Dette vennemotivet skulle vere eit hovudfokus for Ungdomsåret. Jesus er venn for livet. Styringsgruppa hadde fleire møter på våren og hausten 2012. Styringsgruppa gjekk før jul, 2012 inn for at Ungdomsåret skulle ha eit misjonsprosjekt. På nyåret vart det vedteke med anbefaling av Ungdområdet at misjonsprosjektet skulle vere Normisjon og Acta-barn og unge i Normisjon sitt prosjekt: Gi steinarbeiderne et verdig liv og framtid.

Vi samarbeider med Normisjon om promotering og informasjon om prosjektet.



Kristus og abbed Mena (C) RMN-Grand Palais (musée du Louvre) Hervé Lewandowski

Lansering av Ungdomsåret

Sidan Ungdomsåret særleg skal vere noko som skjer lokalt, trengte vi møter med lokalt tilsette prestar, trusopplærarar, ungdomsarbeidarar, kantorar, diakonar og frivillige.

Vi hadde difor prostivise lanseringar utover hausten 2012, der biskopen inspirerte forsamlingane med sin eigen motivasjon for å ha ungdomsår. Vi fekk òg innblikk i lokalt ungdomsarbeid på desse møta og dei framkomte fekk høve til arbeide i grupper om korleis dei ville ha ungdomsår i sine sokn. Elles vart programmet og planen for Ungdomsåret presentert.

2.8. Misjon

Det er inspirerende å kunne formidle at 2012 har vore eit år prega av entusiasme og engasjement kring det misjonale engasjementet i Bjørgvin bispedøme.

Samarbeid Menighet og Misjon (SMM) i Bjørgvin har hatt tre møte i 2012. Her vart det m.a. vedteke å arbeide med ein prostiturné i 2014 med fokus på diakoni og misjon i eit samarbeid mellom SMM og Kirkens Nødhjelp i Bjørgvin. Det vart også vedteke ein handlingsplan med tre hovudmål:

1. Fleire kyrkjelydar med eit tydeleg, heilskapleg og globalt misjonsengasjement.
2. Det globale misjonsengasjementet er integrert i dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden.

3. Auka samarbeid internt i SMM og mellom SMM og andre aktørar i global misjon.

Misjonsrådgjevarar har vore på fleire besøk i kyrkjelydane for å formidle om misjon, SMM og om ordninga med misjonsavtalar. Dette har resultert i nye avtalekyrkjelydar.

HimalPartner inviterte leiari for «United Mission to Nepal» Mark Galpin til Bjørgvin. Som ein del av besøket vart det arrangert eit tverrfaglig misjonalt fagseminar på Tent-huset i Bergen september 2012 med tittelen: «Når trua får hender og føter». Tema var heilskapleg misjon, trusopplæring og diakoni. Seminaret var eit samarbeid mellom HimalPartner, Normisjon og Kateketforeningen.

2.9 Menneske med utviklingshemming

2012 har vore eit år med mange nye reformer. Gudstenestereforma er eit døme på dette. Involvering er eit nøkkelord her og eit stort gode for dei fleste i målgruppa. Meir av gudstenesta kan kroppsleggjerast (til dømes forbøna) og det er opna opp for meir bruk av ulike oppgaver i gudstenesta, der fleire enn før kan delta. Det var fint å få bidra på nokre av gudstenestekursa i bispedømet, som hadde samanheng med denne reforma. Samstundes er det ei utfordring med for mange lokale variantar, noko som kan skapa forvirring for menneske som på ein særskilt måte er avhengige av struktur og gjenkjenning.

«Bli kjent i kyrkja»- kurset går sin gang. To kurs har vore avvikla dette året og fleire nye er på planleggingsstadiet. Materiellet til dette kurset er no under revisjon. Vi samarbeider no med IKO om å få det utgitt på nytt i revidert og utvida form, som ei såkalla TIP –bok (Trusopplæring i praksis)

Denne hausten har vi starta opp med ei forholdsvis stor konfirmantgruppe i Bergen, med 14 deltakarar. Samarbeidet med dei respektive skulane denne hausten har vore tilfredsstillande. Elles har eg vore rundt i distriktskommunane og vegleia i forhold til enkeltkonfirmantar. Det vil vera mogeleg å gjera meir av



Julie Nielsen Haukeland tenner lys saman med Marte Bredesen Foto Leif Arne Økland

dette, men det ser ut som informasjonen om tilbodet ikkje når ut godt nok til alle som er aktuelle.

I november starta vi opp eit forsøksprosjekt i ei av kyrkjene i Bergen. Dette er med ei gruppe konfirmantar, der nokre av dei har ei utviklingshemming. I gruppa deltar alle på alt vert gjort. Prosjektet skal evaluerast før sommaren i 2013.

Kursinga om «rett til trus- og livssyns-utøving» har no gått inn i ein ny fase. Vi har avslutta prostirunden og har no gått over til å kursa kommunar enkeltvis. I kjølvatnet av eit slikt kurs, finn ein gjerne ut at ein vil ha eit «bli kjent i kyrkja»-kurs, eller at eg vert invitert til å møte avdelingsleiarar eller støttekontaktar til samtale og refleksjon rundt tematikken.

Det har i 2012 vore eit fruktbart samarbeid med kulturrådgjevar om å laga kurs for tilsette i kyrkja om å skriva gode søknader.

I 2012 fatta kyrkjemøtet i sak KM 9/12 eit einstemmig vedtak om «Likeverd, inkludering og tilrettelegging. Mennesker med utviklingshemming i Den norske kirke.» Det har blitt starta samtalar om korleis dette vedtaket skal forankrast i Bispedømerådet og rundt om i bispedømet. Sak om dette kjem i løpet av 2013.

Elles bør inkluderingsperspektivet gjenomsyra alt vi tenkjer og gjer. Dermed er det mange brikker som lettare fell på plass av seg sjølv.

2.10 Forbruk og rettferd

I høve til 2011 har året 2012 gjeve eit etterlengta oppsving for dette feltet. Kyrkjemøtevedtaket frå april var uvanleg konkret, og gav noko meir handfast å jobbe vidare med: grønne prostikontaktar, kontaktpersonar i kvart sokn, dobling av talet på grønne kyrkjelydar innan 2013, fagdagar for alle tilsette i 2013 og deltaking i kampanjen «Klimaval 2013». Ressursgruppa og rådgjevaren har jobba målretta gjennom året for å verte i stand til å nå desse måla i 2013. Vi testar mellom anna ut eit eige web-basert oppfølgingsystem for å halde betre greie på kyrkjelydar, kontaktpersonar og tilsette. I 2012 har vi hatt fokus på arbeid som

kan gje gode resultat i 2013. Det kan ha vore medverkande til at vi ikkje har fått ein einaste ny grøn kyrkjelyd i Bjørgvin i 2012. Sjølv om ein nå har eit meir konkret vedtak «i ryggen», møter ein framleis motstand når arbeidet med dette feltet skal prioriterast av tilsette og frivillige i en kvardag som alt kjennest pressa.

Bærekraftige liv

2012 var siste året i pilotperioden i prosjektet på Landås som engasjerer heile lokalsamfunnet for å møte utfordringane frå klimaendringane. I 2012 har prosjektet vakse i alle retningar, og engasjerer mellom anna rundt 70 frivillige i 15 ulike temagrupper. Sparebanken Vest kom med som ein særskild viktig økonomisk støttespelar, til både vidare utvikling av prosjektet og til eit eige delprosjekt, Sirkle.no. I 2012 fekk prosjektet nye avleggjarar, i form av nye initiativ på Flaktveit, i Åsane, Sandviken, Nattland og Sædalen. Prosjektmedarbeidarane vert invitert til alle kantar av landet for å fortelje om Bærekraftige liv. Året resulterte også i 3 ulike prisar: Hordaland fylkeskommune sin miljøpris, Naturvernforbundet Hordaland sin miljøpris og kulturprisen frå Årstad bydel. Å utvikle planar og strategiar for neste fase i prosjektet har vore høgt prioritert i 2012, og vil halde fram i 2013. Utfordringa er mellom anna å tilpasse drifta av prosjektet til særskild lite regelmessige pengetilskot. Ulike nye løysingar for organisasjonsmodell og forankring vert også vurdert.



Prosjektet Bærekraftig liv på Landås har motteke fleire prisar for det nyskapande arbeidet sitt. Her får dei Hordaland fylkeskommune sin miljøpris. (f.v. leiar i kultur- og ressursutvalet Anne Beth Njærheim, Liv Karin Thomassen, Agnes Veve Tvinnereim og Lars Ove Kvalbein. FOTO: Hordaland fylkeskommune.

3 Prestetenesta

Hovudmål : Løyvingane til prestenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

Sparetiltak eller betre ressursbruk?

Bjergvin bispedøme måtte i 2012 ta kraftige grep med innsparingstiltak. Dette har vore krevjande fordi ein nesten ikkje har hatt ledige stillingar. Kvart prosti har måtte tåle ein vakanse utan vikar, det har ikkje vore tildelt REU-midlar, ein har spart på ABV, avlyst tilbod om retreat og tatt bort kursstøtte, avlyst stiftsmøte, og hatt sterkt fokus på reisekostnader. Det har vore tett dialog med departementet om situasjonen, og ein har hatt fokus på dette i prostemøte og bispedømerådet. Summen av dette har gjort at ein har tatt ned underskotet og nærmar seg balanse ved utgangen av 2012. Det blir ei forsiktig oppmjuking i 2013, men budsjett er fortsatt stramt. Det underliggende problemet med for mange stillingar er ein enno ikkje heilt i mål med.

Innsparingstiltaka har vore naudsynte. Resultatet har ei økonomisk side, men og ei side knytt til arbeidssituasjonen for presteskapet. Det blir meldt at opplevd arbeidssituasjon er vesentleg forverra. Dette vil vi derfor bruke noko ekstra tid på i denne årsmeldinga. Mellom anna vil vi sjå på i kva grad dette samsvarar med objektiv forverring. Opplevd forverring er ein kostnad som kan tålast i ein overgang, men som må takast på alvor i eit langsiktig bilete. Det er og slik at stram økonomi har ei positiv side, ved at ein har fått ein kritisk gjennomgang på korleis ein nyttar ressursane. Samstundes ser ein at reduksjon på områder som vikarbruk og kursmidlar slår meir negativt ut på trivselssida enn det innsparinga reelt er verd.

Bjergvin bispedømeråd gjorde 20.april 2010 vedtak om å trekke inn sju stillingar, og å legge ned tre prosti. Samstundes som ein også skulle tilføre ressursar til dei områda som ha sterk befolkningsvekst. Dette har vore krevjande prosessar som har teke mykje tid og der ein har hatt lite handlingsrom. To prestestillingar



Frå visitas- og jubileumsgudstenesta i Fusa kyrkje. FOTO: Fredrik Thorsen

blei trekt inn hausten 2011. Ein gjorde og vedtak om nedlegging av Laksevåg prosti. Full verknad av desse tiltaka fekk ein først i 3.kvartal i 2012. Det er også gjort vedtak om nedlegging av Ytre Sogn prosti, dette får verknad frå 2. kvartal i 2013, men mykje av innsparingseffekten ligg alt inne, sidan prosten i Ytre Sogn har vore dobbelt prost dei siste åra. Det står att å trekke inn tre stillingar og eit prosti på vedtaket av 20.april 2010. Innsparingseffekten er likevel delvis inn, men prosessane har ikkje blitt slutførte. Det er utjamna med to av dei fire stillingane som låg inne i vedtaket. Arbeidspresstet og befolkningsveksten i Vesthordland prosti og Fana prosti har vore slik at det ikkje har vore forsvarleg å vente på nye stillingar. I kva grad ein kjem i mål med utjamninga utan å trekke inn fleire stillingar er framleis noko usikkert.

Strategiske val

Det har vore arbeid mykje med kriterier for ressursfordeling. Når strategiske val skal gjerast er det viktig å kunne dokumentere med tal. Til dømes knytt til både befolkningsgrunnlag fordelt på presteressurs og tal på gudstenester og kyrkjelege handlingar per prest. I liten grad har ein sett til tal på oppslutning om kyrkjelege aktivitetar, men lokalt vil dette kunne vere viktig.

Tal seier ikkje alt om til dømes arbeidssituasjonen til den einskilde prest, men det

seier noko om større og mindre fridom til å kunne gjere val mellom kyrkjelydsarbeid og kyrkjelege handlingar. Ein må ta høgde for at innhald og form på prestenesta er ulik frå by til land. Når det samstundes innanfor eit og same prosti kan vere store forskjellar, så er det naudsynt å ta tak i dette. Her spelar og kateket-, diakon- og trusopplæring-ressursar inn i heilskapen. Ingen har for mykje ressursar, men det er samstundes naudsynt å gjere endringar når forskjellane er store, sjølv om dette då møter motstand. Det er ein kostnad for bispedømerådet å stå i mange krevjande prosessar med negativt fortegn. Difor har det vore viktig å forsøke å finne fram til korleis ein vidare kan skape gode endringsprosessar, og ligge meir i forkant. Bjergvin bispedømeråd har difor sett ned to utval til å sjå på strategiske val i tida som kjem: «Å vere kyrkje i grisgrendte strok» og «Små og store konfirmantkull». Begge desse utvala ser på gode modellar for korleis ein betre kan bruke dei ressursane ein har, med tanke på kvalitet og bærekraft.

Folketal er eit kriterium når ein ser på fordeling av ressursar, men bispedømerådet har i sitt vedtak berre gjort ei forsiktig endring når det blir redusert med 3 årsverk i Sogn og Fjordane. Ved ei fordeling etter folketal åleine skulle reduksjonen vore 13 årsverk, og tilsvarande auke i Bergen. Det er semje i bispedømerådet om at befolkningsvekst i bynære strok

ikkje kan dekkast opp ved berre å ta ressursar frå distrikta. Det går ei smertegrense på kor stort område ein prest kan dekke opp på ein forsvarleg måte. I tillegg er det naudsynt med stabsfelleskap og kollegafellesskap av ein viss storleik, om det skal vere gode arbeidsforhold rundt tenesta. Vi er opptekne av å leite etter dei gode grepa som styrkjer kyrkjelydane i distrikta. Dersom ein ikkje tek dei gode vala i tide, så ligg det inne ein risiko for at ein må ta svært vanskelege val lengre fram. Det å utsette arbeidet med å sjå på dette, er dårleg leiing og dårleg forvaltning. Ansvar for dette arbeidet kviler på dei lokale sokneråda, fellesråda og bispedømerådet i fellesskap.

Informasjon og endring

Ved starten av 2012 hadde vi fleire informasjonsrundar om innsparingane. Sjølv om ikkje all informasjonen var like hyggeleg lesing, har dette vore viktig. Samarbeidet med dei tillitsvalde og prostane har vore svært viktig. Samspel med sokneråda rundt endring i ressursfordeling er òg særst viktig, men ikkje lett for nokon part. Det har vore kultur for at ein forventar auke i ressursar, om ein berre ventar lenge nok. Det å etablere ein god samtale for å finne fram til ei felles forståing av kva som er realitetane i dagens situasjon har vore viktig, men ikkje alltid lett å få til, sidan det er ulikt perspektiv lokalt og regionalt. Bodskapen om at ein misser ressursar, vil føre til ein sorgprosess, og den kan vere vanskeleg å ta inn. Det er då lett å peike på prosessen, framfor å gå inn i utfordringane som ligg i saka. I mange samanhengar har ein alt mist postkontoret, skulen og butikken. Når det kjem høyring på reduksjon av prestestilling, kan dette opplevast som at alt allereie er bestemt.

At situasjonen i 2012 har vore såpass alvorleg, har gjort at det har vore enklare å kommunisere og få forståing for tiltaka, enn det var i åra før. Det var likevel i dei litt betre åra at tiltaka burde vore sett inn, men motstanden var då for stor til at ein fekk gjennomført vedtaket frå 2010 fort nok. Verkemiddel som intern utlysningar og flytting av prest ved overtal av stillingar er òg ukjent i kyrkja. Å utvikle endringskompetanse både i rådsstruktur og blant tilsette vil vere avgjerande i tida som kjem.

Mykje for pengane

Björgvin bispedøme fekk i 2012 107 millionar i statstilskot og hadde 168 prestestillingar. Det kom 653.742 deltakarar på gudstenestene i 2012, og truleg like mange, om ikkje fleire, ved gravferder og vigslar. Det ville gitt ein billettpris på kroner 80,- om ein skulle dekke inn statstilskotet ved «billettinntekter». Det er rundt ein fjerdedel på kva ein må betale i teateret, på revy eller på Brann stadion, og 45 kroner mindre enn ein kinobillett. I tillegg til dette fekk ein utført 35 gravferder eller vigslar per prest, totalt 5510 kyrkjelege handlingar og 5356 dåp. Og dette skjedde ikkje berre i Bergen sentrum, men i kvar bygd og by i bispedømet. I mange kyrkjer er det i tillegg og stor aktivitet gjennom heile veka. Og prestane er sentrale i trusopplæring, konfirmantarbeid og mykje meir. I dette må ein òg sjå på den kommunale sida av reknestykka, dei skal dekke inn organist, kyrkjetenar og drift av kyrkjene. Då må ein doble «billettinntektene» om drifta skal

«bære seg» økonomisk med dagens besøkstal. Å tenke i desse banar ville bli problematisk og utfordrande for ei folkekyrkje.

I heile bispedømet er den lokale kyrkja ein svært viktig faktor i lokalmiljøet, og kor viktig dette er, kan ikkje målast i pengar. Og viktigast er det når ein er nær i store og små kriser, hos dei som har minst og treng det mest. Kyrkja er for alle, også for dei som ikkje har råd til dyre billetter i kulturliv eller underholdningsbransjen, og difor er det avgjerande viktig at kyrkja er der «kostnadsfritt» og med rammer som gjer at ein kan prioritere rett når det trengs mest. Ei gravferd med berre prest og nokre få andre tilstade, er ikkje mindre viktig enn dei gravferder som mange veit om. Det er viktig med tal på deltakarar på gudstenester, men viktigast er det å følgje tal på dåp. Ei levande folkekyrkje er ei kyrkje der folk kjenner at «her høyrer eg til».

3.1 Prestedekning

2012 har som sagt vore prega av innsparing, og det vil vise seg igjen i ulike tal og statistikk, mellom anna på tilsetingar og på REU. I arbeidsmiljøundersøkinga skårar Björgvin bispedøme høgare enn landssnittet på særleg to område, arbeidsbelastning og kall. Det er ikkje grunnlag for å trekkje nokon tydelege konklusjonar ut av dette materialet, men vi vel likevel å ha eit blick på dette med arbeidsbelastning når vi skal vurdere 2012 for presteskapet. Dette er ein risikofaktor på ulike nivå. Ingen er tent med at arbeidspresset er så høgt at det gjev

slitne eller uttappa prestar. Opplevd høg arbeidsbelastning treng ikkje vere grunna i objektiv høgt arbeidspress. Det kan og vere opplevinga av forventningspress eller oppleving av redusert kontroll over eigen arbeidskvardag. Begge sider av saka er kritiske, men vurdering av kva tiltak som må settast inn vil vere ulike.

Indikator 1: Kyrkjemedlemmer pr. fast prestestilling

Gjennomsnittleg tal på kyrkjemedlemmer per faste prestestilling er 3140 i

Kyrkjemedlemmer per fast prestestilling		
	2012	2011
Bispedømet totalt	3140 (155)	3128
Sogn og Fjordane	2322 (38,5)	2234
Hordaland u/Bergen	2977 (66)	3150
Bergen	4016 (50,5)	3830

* Tal i parentes er stillingar

Björgvin. I dette talet er det trekt ut studentprestar, fengselsprestar og ei halv stilling per prost, slik at det er rekna med 155 prestar i kyrkjelydsarbeid. Ved bruk av 168 prestar som det står i Etatsstatistikken blir talet for kyrkjelydsmedlemmer per prest 2914 i Björgvin. Tal per prest som utfører kyrkjelydsarbeid er meir relevant, sidan det er på dei at tenestene som følgje av folketalet i hovudsak blir fordelt. Tala for 2011 er difor ikkje helt samanliknbare, men for heile bispedømet er det ein auke frå 3138 til 3140, sjølv om medlemstalet då går ned frå 489.588 til 486.708. Det kritiske blikket må likevel framleis vere på skilnaden mellom by og land. I Bergen er gjennomsnittet 4016 per prest. I område med sterk vekst, til dømes Vesthordland prosti er det 4297 medlemmer per prest. I store sokn som til dømes Fjell på Sotra er det 5500 medlemmer per prest, i Fana sokn er det frå nyttår 6000 medlemmer per prest, og i Mæland er det over 7000 medlemmer per prest. I nokon grad kan dette dekkast opp frå andre delar av prostiet, men det løyser ikkje alltid dei utfordringane som er mest prekære. I nokon grad handlar dette og om kateket- eller diakonressursar like mykje som presteressursar. Ein ny gjennomgang av ressursssituasjonen vil vere naudsynt i 2013.

Det er semje om at ein ikkje kan oppretthalde ei så skeiv ressursfordeling som det ein ser nokre stader i dag. I framveksten av nye bydelar i Bergen, til dømes Sædalen, så har bispedømerådet gått inn med fondsmidlar i ein fyrste fase. Dette har gitt gode og avgjerande relasjonar i mellom lokalmiljø, kyrkje og frivillige lag. Når det no dreg ut i tid med å få auke i tildeling, står dette viktige arbeidet i fare for å bli redusert. Det står att å redusere med 3 stillingar for å kome i balanse og tilbake til normal drift. Når ein har redusert med tre årsverk vil snittet i bispedømet vere 3220 medlemmer per kyrkjelydsprest. Rundt Bergen treng ein i dag 3 stillingar, berre knytt til dei utbyggingane som alt er starta. Det vil vere svært krevjande å skulle dekke dette inn med ytterlegare reduksjon av stillingar i distrikta. Det vil være ein kritisk risiko med omsyn til relasjonen mellom bispedømet og sokna i distrikta.

Gudstenedeltakarar og gudstenester per fast prestestilling			
	2012	2011	2008
Gudstenedeltakarar	660.337	677.366	703.437
Prestar (Etat2012- spesial)	155	156	158
Per prest (deltakarar)	4260	4342	4452
Tal på gudstenester	6636	6658	6931
Per prest (gudstenester)	42,8	42,7	43,9

Kyrkjelege handlingar per fast prestestilling			
	2012	2011	2008
Gravferd	4417	4565	4610
Vigsel	1083	1122	1301
Per prest (vigsel/gravferd)	35,5	36,5	37,4
Gudstenester + vigsel + gravferd	12.136	12.345	12.842
Per prest (gudsteneste+vigsel+gravferd)	78,3	79,1	81,3

Eit sideblikk på Etatsstatistikken 2012 og arbeidsbelastning (AFI)

Kor stor er arbeidsbelastninga for prestane? Talet på kyrkjemedlemmer per prest gjev berre litt av heile biletet. Vi må også sjå på til dømes kyrkjelege handlingar og gudstenester per prest. Mellom anna vil eit prosti med sju prestar og mange kyrkjer bli råka sterkt når dei misser ei stilling. Det er då naudsynt å redusere på aktivitet, men det å redusere tal på gudstenester sit langt inne. Må ein ta slike val er viktig å sjå på til dømes tal på oppslutning rundt gudstenester. Det er eit lokalt ansvar å ta de strategiske vala på kvar ein bør prioritere å ha gudstenester, men det heng og tett saman med kva presteressursar ein har.

Vårt blikk vidare vil vere omgrepet «arbeidsbelastning» per prest. Faren med ord som «belastning», eller «innsparing» er at ein blir sliten allereie ved at orda skapar ei forståing av at dette er «krevjande». Det er mange gode døme frå året som ligg bak, at prestar som objektivt allereie har høgt arbeidspress er dei som har tatt dei tyngste taka ved å dekke opp for ei ledig stilling i prostiet. På den andre sida er det òg døme på at det har vore krav om kompensasjon for endringar der ein ikkje har dokumentert konkret «meirbelastning». Det har og vore mykje fokus på at prestar i Björgvin ikkje har fått kursstøtte i 2012. Det skapar eit bilete av at prestane ikkje har fått kompetansetiltak, noko som ikkje stemmer med realiteten. Som tala lenger ut viser, så

har alle prestane i Björgvin hatt rundt 90 timar til bruk på kompetansetiltak i 2012, mot normalt 130 timar. Då medrekna konvent og studieveke. Reduksjonen har vore stiftsmøte, REU og andre kurs. Dette utgjer då ein reduksjon på 30 %, som er dramatisk nok, men som vi vil meine ikkje står heilt i forhold til opplevd «meirbelastning».

Frå etatsstatistikken frå 2012 kan ein hente ut nokre interessante trekk, om ein koplar tal for presteressursar mot tal på utviklingstrekk som oppslutning og aktivitet.

Sideblikk 1: Kyrkjelege handlingar og gudstenester per fast prestestilling

Talet på stillingar er litt usikkert, mellom anna fordi vikarbruk ikkje er medrekna, men her har vi brukt tal for Etatsstatistikken for 2012 med 168 stillingar. Det er så trekt frå spesialprestar og at prosten gjer 50 % presteteneste, slik at ein bruker 155 årsverk som tal. Det er for 2011 og 2008 lagt på for dei tre årsverk som er redusert dei siste åra. Dette gjer at tala vil gje eit godt bilete med omsyn til endringane per prest.

Talet på gudstenester per prest har gått litt ned frå 2008 til 2011, men noko opp att i 2012. Totalt blei det gjennomført nesten 300 færre gudstenester i 2012 enn i 2008. Kvar prest samla i snitt 234 færre

på gudtenestene sine i 2012 enn i 2008. Samstundes tilseier tala frå årsstatistikken for Den norske kyrkja 2012, at det totalt blei gjennomført 8950 gudstenester i Bjørgvin. Det blei ut i frå desse tala gjennomført 74 fleire gudstenester i 2012 enn i 2011, men 85 færre på søndagar. Det gir 15 fleire gudstenester per prest i snitt enn det Etatsstatistikken syner. Kvar prest har ut i frå dette hatt 57,7 gudstenester av ulikt slag i 2012. Av desse er 42,8 forordna gudstenester på søndag eller heilagdag.

På kyrkjelege handlingar og dåp har ein i etatsstatistikken berre 2011-tal, mens 2012 er henta frå årsstatistikken. Talet på gudstenester og kyrkjelege handlingar har ut frå desse tala gått ned med nesten 2,2 tenester per prest frå 2008 til 2011 og med tre tenester per prest i 2012 samanlikna med 2008. Kvar prest har då hatt 75,8 gudstenester og kyrkjelege handlingar i snitt i 2012. Om ein tek inn alle gudstenester i tala, er snittet på 93,2. Det er då usikkert om desse er enkle institusjons- eller kvardagsmesser, eller store konfirmasjonsgudstenester eller ekstra gudstenester med dåp. Det samsvarer i alle høve med dei tala ein har nytta når vi har gjort djupdykk i forhold til ressursfordeling i enkelte prosti. I nokre prosti har ein i delar av prostiet 120-130 tenester per prest. Det er store skilnader også innan for same prosti. I distriktsprosti med 7-10 prester og som misser ei stilling blir belastninga relativt stor på dei få som er att. I prosti med 15-20 prestar har ein ofte meir utfordring knytt til tal på gravferder eller tal på konfirmantar, enn på tal på gudstenester per prest. Lokalt kan to nabosokn ha særskilte profil på kva som er utfordringane.

I arbeidsmiljøundersøkinga (AFI-rapporten) skårar Bjørgvin høgare enn snittet på arbeidsbelastning. Like eins har fokus på auka arbeidsbelastning og slitne prestar vore tema både i prostemøta og i kontaktmøta med tillitsvalde. Dette biletet er samansett. Om ein fokuserer på tal på tenester på den einskilde prest, så er det ikkje noko som tyder på auke i arbeidsmengde, tvert om viser tala at den er stabil, og med ein liten nedgang. Då som heilskap og som snitt. Biletet er meir samansett lokalt, til dømes har einskildprestar hatt høgare tal, knytt til vakansar og til sjukemelding i nabosokn. Biletet er og ulikt, om ein skil mellom

by og land, og innad i ulike prosti. Det einaste desse tala seier noko om er at totalen ikkje er vesentleg endra, men det er viktig nok. Endringar for den einskilde kan ha gitt noko auke i tenester, men då høyrer det med i biletet at andre har fått normalisert sin situasjon.

Om ein samanliknar med andre bispedøme, vil Stavanger og Møre ha litt høgare tal på tenester per prest, mens Borg er likt og Oslo ligg lågare. Ei slik samanlikning er noko usikker, då tal på stillingar er viktig premiss og kva gudstenester som er rekna inn. Til dømes kjem ikkje vikarbruk fram og det er ulike tal på spesialstillingar. Det gjev likevel eit bilete på at det ikkje kan dokumenterast at objektiv arbeidsbelastning er vesentleg høgare i Bjørgvin enn i andre bispedøme, men vi er av dei som har høgast tal både på tenester og anna kyrkjelydsarbeid.

Opplevd arbeidsbelastning

Derimot kan fokus på innsparing, og ikkje minst signal om reduksjon av stillingar ha verka inn på opplevd arbeidsbelastning. Frå ulike HR-studiar veit ein at særleg det å vite at ein ikkje får vikar, verkar negativt inn, uavhengig av om ein konkret har opplevd å ikkje få vikar eller ikkje. Ulik bruk av tenesteordninga kan òg ha verka inn på dette. I nokre prosti har ein ei forståing om at det å ha ein prest «til disposisjon for prostien» er eit gjensidig gode. I dette ligg det at det er semje lokalt om at det er betre å bruke tenesteordninga aktivt, enn å redusere tal på stillingar, for å ha rom for vikar. I andre prosti blir dette uttrykt som innsparing og «billig vikarordning». Det er fleire døme på at det har kome sterkare reaksjonar på innsparingstiltaka frå prosti som har vore lite råka, enn frå dei prostia som objektivt har hatt flest vakansar. I nokre saker har ein òg erfaring for at prestar som allereie har over 100 tenester ut frå statistikken, er dei som melder seg til å trå til når det trengs, medan krav

om vikar har kome frå stader som ligg med på 70-80 tenester lokalt. Det har då lokalt vore opparbeid eit bilete av at ein har meir å gjere enn andre, sjølv om tala då tilseier noko anna. Dette bilete er samansett, og det er ikkje ønskeleg å skape eit einseitig målefokus. Det er likevel naudsynt også å ha inne objektive tal, når ein skal diskutere kultur og mønster på forholdet mellom opplevd og objektiv arbeidsbelastning. I dagleg leiing er det prostien som kjenner til kva som er situasjonen til den einskilde, og opplevd arbeidsbelastning er det ein må forholde seg til. Målet må vere å legge til rette for ei best mogleg fordeling i sitt prosti, ut frå det mannskap han/ho har. I vår Questback på arbeidsmiljø, skårar samarbeid med prostien jamt over høgt.

Sideblikk 2: Kyrkjelege reformer og oppslutning rundt arbeidet

Innføring av gudstenerereforma og trusopplæringsreforma kan også påverka den opplevde meirbelastninga. Dette er det vanskelegare å måle. Aktivitetsnivået kan vere særskilt høgt, uavhengig av tal på tenester. Minka oppslutning rundt til dømes gudstenester kan også opplevast som ei auka arbeidsbelastning, ut i frå eigne forventningar eller ytre forventningar. Uklare forventningar og uavklarte roller i nye reformer er også ein del av dette biletet.

Det relasjonsbyggande arbeidet

Det ligg ein risiko ved å bruke tal på denne måten. Ein kan bli blind for kor viktig det relasjonsbyggande arbeidet er, både det som skjer i tilknytning til planlagde aktivitetar og i dei romma som ikkje kan planleggast. Målet er ikkje å telje isolert, men å sjå på om organisering og arbeidsmåtar kan forbetrast, både med tanke på ressursbruk og kvalitet. Innsparingane ein har vore inne i, har og ei god side ved at ein har måtta sjå kritisk på korleis ein brukar ressursane. Mellom

Medlemer og dåp per fast prestestilling			
	2012	2011	2008
Medlemer	489.588*	489.588	492.052
Dåp	5356	5598	5830
Per prest (dåp)	36,1	35,8	36,9
Per prest (medlemer)	3140	3138	3114

* medlemstal frå etatsstatistikken 2011

Døme på mogleg nytenking – ut frå ressursperspektiv

1. Dåpssamtale i heim - 36 dåp per prest x 1,5 timar = 54 timar. Kvalitet i relasjon til prest. Ulempe, uro med TV, søsken, tidspunkt – ofte ettermiddag.
2. Dåpssamtale kontor – 36 dåp per prest x 45 minuttar = 27 timar. Kvalitet i relasjon til prest noko redusert, men kan gje relasjon til andre i stab eller kyrkjekontor/bygg. Mulig med samtale i arbeidstid. Upersonlig, men meir strukturert.
3. Dåpssamtale i gruppe – 8-10 samlingar, 1 -1 ½ time + nokre individuelle, 20 timar. Kvalitet i relasjon mellom foreldra, mulig å trekke inn andre i stab, mulig med noko undervisning.
4. Dåpsskule- 6 grupper x 3 samlingar a 1-1 ½ timar+ nokre individuelle, 20-30 timar. Kvalitet ved at ein kan tilby foreldre noko meir enn «dåpssamtale», mulig med tema som trekker inn fleire i staben eller eksterne. Kan og koplast mot gudstenester. God inngang mot trusopplæringa. Kan vere differensiert, ut frå foreldras ønske.

anna har ein peika på at oppfølging rundt dåp blir gjort ulikt (sjå nedanfor).

Endrings- og innovasjons-kompetanse er to kritiske felt som absolutt kan utviklast. Då ikkje berre som det å starte nye tiltak, eller lage nye planer, men mest ved å sjå kritisk på om det ein gjer er hensiktsmessig eller held den kvalitet som er forventa.

Fordi ein ser dette som kritisk viktig, valde ein i 2012 å sende prostane på etterutdanning i Læringsleiing. Dette var eit studieopplegg utvikla av MF, og ein deltok saman med prostane frå Møre. Dette har vore spanande og nyttig, både fagleg og som erfaringsutveksling.

Sparetiltaka blei drøfta i kontaktmøta med dei tillitsvalde. Ein innførte også felles kontaktmøte for begge fagorganisasjonane. Dette har det ikkje vore innvendingar på, og vil bli vidareført. Nært samarbeid med dei tillitsvalde har vore svært viktig rundt innsparringstiltaka, sjølv om ein ikkje har vore samd om alle tiltak eller i alle situasjonsbeskrivingar.

Indikator 2 og 3: Talet på ledige stillingar i bispedømet og på nyttilsette

	Ledige stillingar	Nyttilsette
Bispedømet	4	2
Sogn og Fjordane	3	0
Hordaland u/Bergen	1	2
Bergen	0	0

prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling

Det har berre vore tilsetting i to stillingar i 2012. I etatsrapporten er det telt med ei tilsetting som skjedde i 2011, men med start i januar 2012.

Tilsetting blei i desse tilfella gjort ut i frå at ein ikkje har råd å miste unge søkarar. På lang sikt er rekruttering den største utfordringa, med tanke på alderssammansettinga i presteskapet. Det var 17+ 10 søkjarar på desse to stillingane, der fleire hadde søkt på begge. Det var totalt 3 kvinner og 14 menn. I begge stillingane blei det tilsett menn, men da hadde ein kvinne trekt seg, og i begge tilsettingane blei unge søkarar prioritert.

Prestar som gjekk av før 67 år	
	2012
Bispedømet	2
Sogn og Fjordane	1
Hordaland u/Bergen	1
Bergen	0

Indikator 4: Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

Ein prest har slutta i teneste og gått over i skuleverket, og ein har gått av med AFP i 2012.

Oppsummering

For at målsetjinga om nærverande prest i alle lokalsamfunn skal kunna oppfyllest, er det vesentleg at talet på prestestillingar i distrikta ikkje vert for lite. Risikoen er ei svekka folkekyrkja. Det er samstundes vesentleg at vekstområde får tilført fleire presteressursar. Risikoen er i begge tilfelle at det blir lite att av dei viktige relasjonsbyggande sidene ved presten si teneste. Denne er avgjerande for at folkekyrkja skal opplevast nær og viktig i lokalsamfunna. Folkekyrkja står sterkt i Bjørgvin. Det registrerer vi ikkje minst i prosessane med nedlegging av prosti og inndraging av prestestillingar. Det er lokal uro ved endringar, og særleg blir ein lokalt bekymra for å miste presten «sin».

Endringar gjev høve til å tenkja gjenom korleis ein skal vere kyrkje på ein best mogeleg måte. Sentralt i dette står prestane sjølv, og ikkje minst prostane. Vi registrerar at prostane melder om slitne prestar. Dette er ein kritisk faktor med tanke på å oppnå ei nærværande presteneste. Energilekkasjane kan gå ut over moglegheitene til å skape gode endringsprosessar, og til å ta dei utfordringane ein står ovanfor.

Når kvar prest i snitt har over 90 gudstenester og kyrkjelege handlingar, i tillegg til konfirmantar, så er det lite handlingsrom att. Det krev god planlegging, og det er jamt travelt. Samspel med andre krev òg meir enn før. Det er då ekstra sårbart om ein må dekke opp for andre. I lengda er det vanskeleg å oppretthalde det høge nivået ein har i Bjørgvin utan at det blir tilført meir ressursar til prestenesta.

Biskopen har lansert 2013 som Ungdomsår. I starten av 2012 blei dette møtt med motstand, med bakgrunn i både reformtrøttleik og opp mot innsparringstiltaka, særleg at stiftsmøtet vart avlyst. Det var tillyst stiftsdag i kvart fylke, men staden reiste biskop og prosjektleiar for U2013 ut til alle prostia for å fortelja

om ungdomsåret. Dette var med å snu motstanden mot «endå noko nytt», til å bli ein motivasjon for at U2013 kan bli noko viktig. Det har vore sentralt å ta dette ned til å vere eit fokus på ungdom i det ein allereie gjer, og tydeleggjering av at dette ikkje skal vere ei ny runde med planarbeid eller «nye» tiltak. Vi har tru for at prestar i møte med ungdom og U2013 blir inspirert på ein god måte. Målet er motiverte prestar som trivst i tenesta, då har både prest og kyrkjelyd det best.

Rekruttering

Alderssamansettinga i presteskapet i Bjørgvin tilseier at rekruttering blir ei stor utfordring i åra som kjem. Med 51 prestar over 60 år, er 31 % i denne kategorien. Berre Agder og Telemark har høgare tal i denne gruppa. Når det gjeld talet på prestar i dei to yngste gruppene ligg Bjørgvin under landssnittet. Dette kan bli kritisk på sikt. Å ha ei god fordeling med omsyn til alder og kjønn i prostia er viktig for rekrutteringa. Når for mange av prestane i eit prosti er over 60, blir til dømes uttak av ferie krevjande for prosten å administrere. Unge prestar

vil kunne vegre seg for å søke dit det er skeiv alders- og kjønnsfordeling. Ved utlysningar vil det framover bli lagt til grunn ein jobbanalyse for prostia, som kartlegg mellomanna kva ein har av kompetanse, kjønns- og alderssamansetting i prostiet, og kva behovet er framover.

I 2013 er det Ungdomsår i Bjørgvin. Planlegging for dette har vore viktig i 2012. Det er tilsett ein prest som prosjektleiari, han starta i 20 % våren 2012 og for fullt frå hausten. Ressursgruppa inkluderer både ei styringsgruppe, medlemmer frå Ungdomsrådet og representantar frå dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Som sideeffekt trur ein at dette og er eit viktig rekrutteringstiltak, både inn mot deltaking i kyrkjelydane sitt arbeid generelt, og mot rekruttering til kyrkjeleg teneste.

I 2012 har handlingsrommet vore større på kapitel 1590 kyrkjeleg administrasjon enn på kapittel 1591 presteskapet. Difor har ein og tilsett to unge prestar i prosjektstillingar. I vakanse på personalarådsgjevar og med stillingsstopp for presteskapet, har vi laga prosjekt som

ser på ressursbruken rundt konfirmantundervisning. Med blick til mellom anna modellar brukt i dei to nordligaste bispedøma med modulbasert konfirmantundervisning og til opplegg mellom anna Sjømannskyrkja bruker med nettbasert undervisning.

I 2012 hadde Bjørgvin sju studentar i stiftspraksis. Dette var meir enn ein hadde råd til i eit år med innsparing, men likevel svært viktig med tanke på rekruttering. I delar av bispedømet er det også utfordringar knytt til rekruttering av andre stillingsgrupper, mellomanna trusopplærarar. Dette påverkar også prestesituasjonen. Ein samarbeider med NLA for å kunne tilby grunnkurs for trusopplærarar.

Bjørgvin bispedøme fekk kr 200 000,- i ekstra midlar til rekruttering. Desse er m.a. nytta til å dekke opp for at ein har hatt mange i stiftspraksis i 2012, men og nokre visingsturar for prestefamiliar som har vore interesserte i å etablera seg i sokn der stillinga har stått ledig i lang tid, og/eller der det er få søkjarar. I 2012 har dette og vore brukt til å rekruttere



Dåpsbarn med heile kyrkjelyden - Leikanger kyrkje. FOTO: Egon Askvik

vikarar som ein håper vil søke fast stilling i 2013. Prostane er aktive aktørar i rekrutteringsarbeidet. Alle nyttilsette vert inviterte til ein dag på bispedømekontoret, med variert program. Dette får vi gode tilbakemeldingar på. Vi opplever totalt sett at Bjørgvin bispedøme er ein attraktiv arbeidsjever.

Vikarordningar

I den økonomiske sparepakken ein har hatt i 2012, låg det inne at ein måtte redusere vikarbruken til eit minimum. I Nordfjord prosti har ein hatt inne vikarar fordi tre til fire stillingar har vore utan fast prest, eller med prest i permisjon. Alle prosti har vore pålagde å klare minimum ei stilling vakant utan vikar. I eit tilfelle der presten blei brukt på bispedømekontoret fordi han har spesialkompetanse på liturgi og kyrkjemusikk, tok stiftsdirektør og biskop gudstenester i kyrkjelyden, dette for å vise kor knapt handlingsrommet har vore.

3.2 Organisering og leiing av prestenesta

Resultatmål: Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar

Indikator: Kor stor del av prestane som er gjevne eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.

I Etatsstatistikken punkt 9.2 er det berre

Spesialansvar	
Område	Prestar
Gudstenesteliv	0
Trusopplæring	3
Diakoni	0
Anna	7

6 % som er rapportert inn, med omsyn til spesialisert ansvarsområde. Det er då rapportert 3 på trusopplæring og 7 på anna område.

Bruk av spesialkompetanse i forhold til tenesteordninga er i liten grad brukt. Fordeling av kompetanse mellom prestane i større sokn kjem nok ikkje fram i desse tala. Fordeling av konfirmantarbeidet skjer lokalt, men i liten grad på prostinivå. Det handlar og om at det er ei grense for kor mykje konfirmantarbeid

ein prest kan ha, og ønskjer å ha. I samarbeid om til dømes konfirmantarbeidet eller trusopplæring blir det nokre stader utnytta at ein har ulik kompetanse ved at team har dette for auge. Eldre prestar har kompetanse som konfirmantane treng, god fordeling av kvinner og menn er det og viktig å ha auge for. Der prestar over 60 ikkje har konfirmantar, men tar meir av andre tenester, så blir dette ofte ikkje sett på som «spesialkompetanse», og difor underrapportert.

Vidareutvikling av moglighetene som ligg i prostereformen vil ha auka fokus i 2013. I 2012 har ein ikkje kunne starta tungt på dette arbeidet sidan det har vore ømtåleg på grunn av innsparingsiltaka. Det er lagt opp til at ein hausten 2013 skal arbeide meir aktivt inn mot kvart prosti, for å skape gode prosessar og ved å sjå på «beste praksis». Her ligg også erfaringar frå dei to prosjekta «Å vere kyrkje i grissgrendte strok» og «Små og store konfirmantkull» inne. I tillegg er det starta eit arbeid med å lage ein jobbanalyse i kvart prosti. Denne vil då ligge til grunn ved ny-rekruttering. Likeins ved medarbeidersamtalane med dei som er i prostiet, med mål at prestane kan oppleve at kompetansen deira blir brukt best mogleg.

3.3 Arbeidsvilkår

Resultatmål: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

Indikator: Gjennomsnitt fridagar pr. prest som ikkje er tekne ut

Tal på fridagar som ikkje er tatt ut, er relativt lite, og gjev kan henda ikkje det fullstendige biletet. Arbeidsmiljøundersøkinga stadfestar likevel at dei fleste opplever å ha ei føreseieleg fritid. Dette varierer noko mellom prostia. Også prosti med mange medlemmer pr prest og mange kyrkjelege handlingar, gjev god tilbakemelding her, medan prosti med relativt sett fleire ressursar melder det motsette. Dette stadfestar at det handlar om organisering og god planlegging, frå prestane si side og frå prosten si side.

Arbeidsmiljøundersøkinga vart også i 2012 gjennomført via Questback, med noko lav svarprosent. Prostane og verneomboda vil arbeida for å auka svarprosenten. Det blir og arbeidd med å

presisere nokre av spørsmåla. Det blei i 2012 også gjennomført felles arbeidsmiljøundersøking (AFI rapporten) og evaluering av prostereformen.

Det er noko samsvar på funn knytt til slitne prestar og at nokre melder om konflikter, men det er vanskeleg å sei noko kvalifisert om samanlikning mellom funna. Til dømes har prostane oversikt over alle dei konfliktsakene som blir meldt i vår questback. I nokre er presten sjølv involvert, men i nokre tilfelle melder ein om konflikter som ein kjenner til, i stab eller prosti. Det blir då uklart om prosenttal på «å vite om konflikter» og «oppleve konflikter». Der det blir meldt om mobbing eller trakassering blir dette følgt opp av prost, eventuelt prost og kyrkjevevje. Totalt er det få slike saker.

Samarbeid

Spørsmåla om samarbeid gav høg score, best med prosten og dårlegast med fellesråda. Gledelig er det at skåren for samarbeid er forbetra for Fellesrådet i Bergen, som tradisjonelt har fått lågare skår, nettopp fordi det er eit stort fellesråd. Dette er då etter nedlegging av Laksevåg prosti, og etter ei omorganisering i Bergen Kyrkjelege fellesråd.

Dei som har vore på jobb når dei var sjuke, har ikkje vore i kontakt med prosten på førehand. Oppfølging av sjukemeldte har fått eit særleg fokus, grunna strengare regelverk frå NAV. Prostane gjer jamt over ein god jobb med dette, og vi får tidvis dette stadfesta av NAV. Sjukefråværet aukar med 0,9 prosentpoeng for både menn og kvinner. Dette er det viktig å følgje vidare.

Handboka om helse, miljø og tryggleik for prestar tilsette av Bjørgvin bispedømeråd blei revidert i 2011. Det blei mellom anna utarbeidd retningslinjer for unge i prestenesta i bispedømet, noko vi vonar skal hindre at dei sluttar som prestar etter den første stillinga. Særleg trur vi desse tiltaka med noko fri i høgtider vil verke positivt for unge prestar i livsfase med små barn. I kva grad tiltaka blir brukt, er det for tidleg å evaluere, men dette blir følgt opp i 2013. Samarbeidet i RAMU er godt. Arbeidsmiljøundersøkinga viser ingen alarmerande dårlege resultat, sjølv om vi veit at det heile tida må arbeidast vidare for ei positiv utvikling.

Prestebustadar

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadane i Bjørgvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Bergen Bolig og byfornyng (BBB) eig 39 prestebustader, mange av desse med trong for vedlikehald. Det er i 2012 korkje seld eller kjøpt ny bustad i Bergen. Vi fekk i 2010 godkjenning på å bruke det øyremerkja fondet etter salet av Bjørkåsen 56 og til rehabilitering, og ikkje berre kjøp av ny bustad. Deler av dette har vi i år brukt mellom anna til større oppussingsarbeid på tre av bustadane. I tillegg har vi fått gjort nokre mindre oppgraderingar på nokre andre bustader. Dette arbeidet vil halda fram i 2013. Da vil vi få totalrenovering av to bustadar, samstundes som vi vil prioritera utvendig måling av ca 10 bustadar og oppgradering av nokre bad. Vi er samde med BBB om først og fremst å rehabiliterer dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye.

Etter vårt skjønn gjer prestegardsinspektør Hildur Kuld i OVF eit godt og systematisk arbeid med fondsbustadane i bispedømmet. Grunnleggjande byggtekniske utbetringar vert prioritert, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mykje røy og elektrisk skifta ut. Dette er utbetringar som kostar mykje, men ikkje viser på bustaden. Mykje står enno att, men arbeidet er godt i gang. Det vart brukt meir midlar i Bjørgvin også i 2012 enn ei pro rata fordeling skulle tilseie.

Rådgjeveren på bispedømmekontoret har

i 2012 vore på 46 synfaringar, dei fleste saman med bustadombodet. I nokre bustadar har det vore synfaring fleire gonger. I tillegg er alle 39 bustadane i Bergen synfarte utvendig med tanke på måling. Vi vil halde fram med synfaringane i 2013.

Synfaringar i høve presteskifte og akutte skadar vil halde fram som tidlegare, i tillegg til at ein ynskjer å følgja ein meir strukturert plan for å sjå alle bustadane jamleg.

Ein jobbar òg vidare med å få til ei ordning med Bergen kommune slik at prestebustadane vert handsama som ein eigen pott. Dermed vil ein ved sal av bustadar kunne nytta midlane anten til kjøp av nye bustadar eller rehabilitering av eksisterande. Dette arbeidet har det vorte jobba litt lite med i 2012 grunna vakante stillingar på bispedømmekontoret.

3.4 Kompetanseutvikling

Resultatmål: Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.

Indikator:

Snitt studiedagar pr. prest.

Rapportering på studiedagar har to sider. Kvar prest i Bjørgvin har rett til 5 studiedagar, med eit tilskot på 1500,-. Dette har vore skjerma i 2012. På andre kurs og REU blir budsjettet redusert kraftig. I 2012 blei det ikkje innvilga ein einaste søknad på REU. Det var berre kurs som allereie var innvilga i 2011 som fekk midlar i 2012. I tillegg fekk eit prosti delta på «Kunsten å snekre en preken», men dette er ikkje via REU-midlane, men ei spleiseløysing mellom prostemidlar, studiemidlar og midlar knytt til innsparing ved at ein

ikkje hadde inne vikar for prosjektleiar for U2013.

I Bjørgvin har kvar prest hatt 6,7 studiedagar, men då berre 1,7 som ikkje er knytt til studieveka. I 2011 var dette talet 3,8 studiedagar i gjennomsnitt.

Prostivise studieturar til utlandet gjev gode tilbakemeldingar, og to prosti hadde inne tildeling frå 2011, til turar i 2012. Det faglege innhaldet er ikkje særleg krevjande, og det sosiale aspektet gjev eit stort pluss. Dette vel vi å sjå stort på, ikkje minst i endringstidene vi no er inne i.

Det var 7 søknader via REU systemet i 2012, ingen kunne bli innvilga grunna den økonomiske situasjonen. Det er særleg kritisk at ein har måtte avslå søknader om å ta PKU i Bergen, då dette er eit tilbod ein har venta på i mange år. Nokre prestar har valt å ta dette for eiga rekning, ein har heller ikkje kunna innvilga permisjon med løn, slik situasjonen har vore.

Det er ikkje tilfredstillande å ikkje kunne tilby etter- og vidareutdanning. Det ligg heller ikkje inne midlar til dette i 2013. Tidligast ved søknad i september 2013 vil det kunne skje tildelingar over REU i Bjørgvin.

I 2012 opna ein for at prestane kunne bruke studiemidlane sine på andre kurs. Få prestar valde å bruke desse midlane på kurs, fagforeiningane har i staden oppmoda medlemmene sine til å bruke midlane på litteratur. Ved tilbod som har vore gratis, har det og vore låg deltaking, då grunna i at ein ikkje fekk reisestøtte.

Sjølv i eit år med innsparing hadde prestane i Bjørgvin rundt 100 timar, eller 2,5 veker, på kurs og kompetansetiltak. Då er ikkje retreat, ABV eller anna vegleiing tatt med. Bjørgvin tilbyr også eit fagle og

Kompetansetiltak			
Tiltak	Deltakarar	Timar per prest per år	
		2012	2011
Konvent (prostisamling/tekstsamtale)	Alle prestar	40-60 timar (5-8 dagar)	40-60 timar (5-8 dagar)
Studieveke	Alle prestar	37,5 timar (5 dagar)	37,5 timar (5 dagar)
Kvinnenettverk	Kvinnelege prestar	4 dagar	4 dagar
Stiftsmøte	Alle prestar	0	15-20 timer (2,5 dag)
Andre kurs	Frivillig/påmelding	13 (1,7 dag)	38,5 (3,8 dag)
REU-kurs	5-15 prestar, søknad		
Totalt		91-101 timar (12-14 dagar)	131-160 timar (18-21 dagar)

sosialt nettverk for kvinner i prestenesete, dette er ikkje medrekna i totalen over, men utgjør også 4 dagar i året. Totalen viser at det er ein reduksjon på 40 timar frå eit «normalår». Halvparten av dette skuldast at ein måtte avlys stiftsmøte for andre år på rad. Sjølv med reduksjon må det kunne seiast at det er lagt til rette for kompetanseutvikling for prestane i Bjørgvin også i 2012. Det er mål å få tilbake midlar til REU-kurs og andre kurs frå 2014.

3.5 Retreatarbeidet

Bjørgvin bispedøme samarbeider med Retreat Bergen og Senter for åndelig veiledning om retreatarbeidet. Gjennom året vart det skipa til 10 kveldsretreat lokalisert til Stiftelsen Bergen Diakonissehjem, Haraldsplass. Ein har også skipa til eit par lørdagsretreat same stad.

6 prestar har delteke på vårt Ignatianske retreat på Haraldsplass saman med andre tilsette og frivillige i kyrkje/organisasjonar.

For å utdanne retreatmedarbeidarar vart det hausten 2012 arrangert eit fleire dagars kurs inspirert av den svenske felleskyrkjelege institusjonen Kompass på Alvøra leirstad i Sogn. 5 prestar frå Bjørgvin deltok.

Vi merkar aukande etterspurnad frå prestar etter åndeleg rettleiing. På Senter for åndelig veiledning har det vore 30 samtaletimar med prestar dette året.

3.6 ABV

I Bjørgvin har det dette året vore 5 ABV-grupper med tilsaman 29 deltakarar herav 23 prestar, 5 diakonar og 1 kateket. 7 av desse prestane har vore seniorar (55+) som melde seg på eit opplegg for eitt år, men alle ynskte å halde fram eitt år til. 8 av prestane som har vore med i ABV-gruppe er unge og relativt nye i Bjørgvin. Dessutan har 5 prestar hatt individuell rettleiing.

I tillegg har vi to prostegrupper som har regelmessig kollegarettleiing. Alle prostane er med på det.

For tida har vi 14 godkjende ABV-retteiarar. To av dei er prostar, ein har

permisjon og to går av med pensjon i løpet av våren. Vi har organisert 2 grupper der ABV-leiarane får rettleiing.

I 2012 gjennomførte styringsgruppa ei spørjeundersøking om arbeidsrettleiing mellom prestar, diakonar og kateketar i bispedømet. Denne undersøkinga gav gode tilbakemeldingar og synte at ABV er viktig.

3.7 Likestilling presteskabet

Resultatmål: Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søkjer teneste som prestar i kyrkje-lydane og leiarstillingar i kyrkja

Indikator 1: Del kvinner i faste prestestillingar

Indikator 2: Del kvinner i stilling som prost

Delen av kvinner i prestenesete i Bjørgvin har auka med 4, 2 % frå 2008, men gått ned med 0,5 % frå 2011 til 2012. Dette er ikkje så lett å forklare når det har slutta to menn i fast stilling og begynt to menn i fast stilling, og ein har redusert med to stillingar ved at to menn har flytta. I realiteten er det same bilete som i 2011. Auken i prosent kvinner i leiarstillingar har bakgrunn i at Laksevåg prosti blei lagt ned, og med det talet på prostar redusert frå 12 til 11. Det er fortsatt berre ei kvinne som prost. Fortsatt er målsetninga å auke talet på kvinner i både prostestillingar og prestestillingar i åra som kjem.

Det var i 2011 fokus på kvinner i lønsoppgjeret, mens ein i 2012 hadde fokus på eldre sokneprestar. Lønnsforskjellen mellom kjønna har blitt noko redusert for leiarstillingar, men har auka for totalen. Dette seier nok meir om alderssamanstilling enn at kvinner ikkje har vore prioritert. For sokneprestar er kvinners

gjennomsnittsløn 99 % av menns, og uendra frå 2011 til 2012. For kapellanar er forholdet betra seg frå 96 til 97 %. Det er for gruppa «andre» at det har vore ein nedgang frå 94 til 92 %. Totalt ser det ut som ein er nær målet med lik lønn for samanliknbare stillingar, og lik erfaring.

Det har i tilsettingane i 2012 vore prioritert unge søkarar. Her var av dei unge søkarane, unge kvinner prioritert høgast, men det var søkarar som trekte seg like før tilsetting. Det har ikkje vore tilsett utanlandske søkarar i 2012.

Bjørgvin bispedøme vil meine at ein har ein bevisst politikk på å ha ei god fordeling i presteskabet både på kjønn, alder og kulturell bakgrunn. Bjørgvin bispedøme har og eit IA-perspektiv, og har tilsett prestar med funksjonsnedsetting.

3.8 Leiing og samvirke

Resultatmål: Bispedømerådet, biskopen og prostane skal sørgje for god leiing av prestenesete og leggje til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valde organ og andre kyrkjeleg tilsette.

Indikator: Delen av prestar som har hatt medarbeidersamtale

Prostane melder at dei har hatt medarbeidersamtaler med dei fleste prestane. Prostane har i 2012 gjennomført 10 studiepoeng på Læringsleiing. Dette har ført til større medvit rundt korleis ein brukar til dømes konventa i prostia. I nokre av prostia med lang reise er dette dagsamlingar, og det er tradisjon for at dei er tverrfaglege. 2012 har og vore prega av arbeidet med ny gudstenesteordning, dette har òg utfordra til å arbeide både tverrfagleg, og stab saman med råd. Fleire prostar melder dessutan at arbeid med trusopløringa medverkar til større

Kjønnsfordeling - presteskabet				
	2012		2011	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Faste prestestillingar	16,5 %	83,4 %	17,1 %	82,9 %
Leiarstillingar (prost og biskop)	8,3 %	91,7 %	7,7 %	92,3 %
Lønnsfordeling (snitt i 1000 kr)	483	500	458	473
Lønnsfordeling (leiarstillingar)	597	634	559	597
Søknader	12 %	88 %		
Tilsettingar	0 %	100 %		

4 Forvaltning

samvirke mellom dei ulike sokna, og mellom dei ulike yrkesgruppene.

Hovudmål: Bispedømerådet skal stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.

Styringsparameter: Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.

4.1 Tilskotsforvaltning

Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Bjergvin bispedømeråd fekk totalt tildelt kr 13 462 000, som er utbetalt til formåla undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Vi får statleg tilskot til 17,3 kateketstillingar og 15 diakonstillingar. Det har ikkje vore endring i antal tilskotsberettigaste stillingar. Tilskotet er forodelt etter same prinsipp som tidlegare år; kateketstillingar fekk 100% lønstilskot inntil eit tak på kr 565 000, diakonstillingar fekk 50% lønstilskot inntil eit tak på kr 275 000. Tilskot til kyrkjemusikk, kr 150 000, er utbetalt til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke.

Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Bjergvin bispedømeråd fekk kr 20 000 til markering av eitt-årsdagen etter 22.juli. Beløpet vart utbetalt Bergen domkirke.

Trusopplæring

For 2012 fekk vi ei tildeling på kr 24 026 000. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 147 400. Mindreforbruket søker vi overført til år 2013. Ingen nye prosti vart innfasa i 2012.

Tilskot frå Opplysningsvesenets fond

Totalt vart det i Bjergvin søkt om kr 1 899 674 (mot kr 2 493 314 i år 2011). Det vart fordelt kr 901 750 (mot kr 989 400 i år 2011). Bispedømerådet prioriterte søknader knytt til satsingsområdet Ungdomsåret 2013, og iverksetjing av gudstenestereformen.

4.2 Økonomiforvaltning

Kyrkjeleg administrasjon

Netto tildeling til kyrkjeleg administrasjon var kr 14 221 000. Resultatet for år 2012 vart eit mindreforbruk på kr 522 000. Dette er om lag tilsvarande mindreforbruk som vi hadde i år 2011 (kr 540 000), slik sett har vi hatt aktivitet i samsvar med tildelinga for 2012. Mindreforbruket er innanfor 5% av tildelinga og vi søker det overført til år 2013.

Prestskapet

Prestskapet fekk ei netto tildeling på kr 107 634 000. Det var tildelinga etter at det var gjort nedtrekk på kr 2 mill for meirforbruk i år 2011. Resultatet for år 2012 vart eit meirforbruk på kr 513 000. Vi har tatt inn store delar av meirforbruket i 2011, og brukte i 2012 mindre enn det vi fekk tildelt.

Ved inngangen til 2012 vart det fokusert sterkt på at for å få balanse i økonomien behøvde vi å ta ned aktivitetet i Bjergvin. Budsjettet for 2012 vart skjært ned til eit minimum og resultatet for 2012 viser at vi klarte å gjennomføra det. Vi er likevel ikkje heilt i mål med å realisera bispedømerådet sitt vedtak av 20.04.10 om reduksjon av 3 stillingar.

Målet om budsjettbalanse kjem i konflikt med målet om å vera nærverande i alle lokalsamfunn, spesielt merkas dette i grisgrendte strøk og i område med befolkningsvekst. Vi ser at den prosessen vi har med omfordeling av ressursar i takt med endring i befolkningsvekst/- reduksjon er nødvendig, men samtidig er det kun ein auke i den totale tildelinga som gjer at vi kan oppfylla forventningar som ligg til prestetenesta i Bjergvin.

Generelt på økonomi

Det vart i 2012 gitt tilslutning til at alle bispedømekontor frå 01.01.13 skulle ta i bruk felles statleg kontoplan. I Bjergvin hadde vi eit mål om å ta i bruk budsjettverktøyet Planner i 2012, men det vart då utsatt i påvente av ny kontoplan.

Bjergvin bispedømekontor var frå 1.mai 2012 i drift med prosjektet NAV sjukepengerefusjon. Vi ser at prosjektet vil gje gevinst, men det er fortsatt eit stykke veg

å gå for å vera trygg på at alle partar oppfyller si rolle i flyten av transaksjonane.

Også i 2012 hadde vi lengre sjukefråvær/reduisert bemanning på økonomiseksjonen. Nokre oppgåver har måtta blitt gitt lågare prioritet. I hovudsak er det utgåande faktura og utbetaling av tilskot til trusopplæring som ikkje har blitt utført innanfor dei fristane vi optimalt har.

4.3 Miljøarbeid

Bjergvin bispedømekontor er miljøfyrtårnverksemd. I starten av 2013 skal kontoret resertifiserast.

4.4 Bispedømekontoret

Kommunikasjon og samfunnskontakt



Biskopen var tydeleg til stades på framsida av gratisavisa Natt&Dag på avisstativ over heile Bergen i desember.

Presse

Biskopen har vore nemnt i 623 presseklipp i 2012. I 2011 var talet 489. Hovudtyngda kom i avisene Vårt Land, Dagen, Bergens Tidende og Bergensavisen. Vi har ikkje gjort nokon grundig analyse av desse tala, men ser at klippa dekkjer mange ulike tema. Noko av det som fekk størst merksemd var protestar mot at biskopen ville ha gravferder frå kyrkjer heller enn bedehus på Tysnes.

Nettsider

Nettsidene og meldingsbladet Stiftsnytt er saman med fellesutsendingar på e-post bispedømekontoret sine viktigaste kanalar for massekommunikasjon.

Besøktstala for www.kyrkja.no/bjorgvin er vanskeleg å samanlikna med tidlegare år fordi statistikkprogrammet er endra.

Nettsidene hadde ved årsskiftet om lag 1000 faste abonnentar på nytt frå nettsidene. Dette er i hovudsak tilsette i kyrkjelydane, soknerådsmedlemer og media. I tillegg til bispedømet si nettside, vart det laga ei eiga nettside for prosjektet salmekveld.no. Fornyng av bispedømekontoret sine nettsider har lenge vore ønskeleg, men det vert venta på at kyrkerådet lanserer ei løysing for nye felles nettsider for kyrkja.

Stiftsnytt kom ut med ei utgåve i 2012 – bladet var laga særskilt med tanke på alle dei nye sokneråda vi møtte då vi hadde innføringskurs for sokneråd.

Sosiale media

Biskopen er aktiv på facebook, twitter og bloggen "Halvorspraten". I 2012 hadde biskopen

62 innlegg på facebook. 18 av innlegga handla om rettferd, menneskerettar, menneskeverd, bl.a. asyl for mindreårige asylsøkarar, klima, det fleirreligiøse samfunnet og reservasjonsrett for legar. Ungdom var eit anna regelmessig tema. Størst merksemd fekk biskopen for ein serie bilete og kommentarar som vart lagt ut i den stille veka og påskedagen.

På twitter ytra biskopen seg om lag 144 gonger.

Arbeidsmiljø

Bispedømekontoret har i 2012 hatt stor utskifting av medarbeidarar. Våren 2012 starta ny rådgjevar for diakoni og misjon. Vi mista Ellen Juuhl som døde av kreft 9. september, og ein personalrådgjevar slutta noko uventa på same tid. Lønsmedarbeidar slutta og i september, etter lang teneste, og med planlagt overlapping med ny medarbeidar. Hausten 2012 starta difor opp med seks nye medarbeidarar, to fast tilsette og fire i prosjektstillingar, to i mindre prosentstillingar. Ein av dei som blei fast tilsett

Kjønnsfordeling - bispedømekontoret				
	2012		2011	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Alle stillingar	59 %	41 %	58 %	42 %
Leiarstillingar	33 %	67 %	33 %	67 %
Rådgjevarar	50 %	50 %	56 %	44 %
Konsulentar	100 %	0 %	100 %	0 %
Søknader	17	6		
Tilsettingar	2	0		

hadde allereie vore i vikariat. Fem nye medarbeidarar er positivt, men har og kravd ressursar på opplæring. I tillegg har ein hatt ei stilling vakant, og fire lengre sjukemeldingar.

I desse endringane har presset på staben vore stort, men ein har og opplevd fornyng med nye folk inn. Fokus på satsinga med Ungdomsår U2013 har og vore med å samle staben og gje oppdrift i eit år der innsparingstiltaka på prestekapitlet og har påverka arbeidssituasjonen på kontoret. Personal- og økonomi har hatt sterkt fokus på innsparingstiltak. Kyrkjefag har merkt det på manglande midlar til deltaking av prestar i ulike kurs, som i neste runde har ført til at kurs har blitt avlyste.

Sidan ein ikkje har lyst ut ledige prestestillingar i 2012, har ein venta med å lyse ut personalrådgjevar stillinga, og heller tilsett to unge prester i prosjektstillingar. Dei har mellom hatt prosjekt rundt det å sjå på ressursbruken i konfirmantarbeidet, og prosjekt inn mot ungdomsåret, ungdomsdemokrati og rekruttering.

Det blei gjennomført medarbeidarundersøking november 2012. Her er det mykje positivt, men og nokre områder som ein vil arbeide vidare med. Dette gjeld mellom anna informasjonsflyt, særleg mellom seksjonane. Arbeidsmiljøet har vore prega av høgt arbeidspress, og ulike endringar, dette blir og avspegla i undersøkinga, mellom anna på nokre kritiske skår på trivsel og involvering. Dette blir det arbeidd med, i eit langsiktig bilete. Kontoret er sårbart for vakansar og sjukemeldingar. Det ligg ein risiko i at oppgåvene er svært spesialiserte, dette har ein arbeid med ved å ha toarfunksjonar. Grunna utskiftingane og omorganisering vil dette måtte starte noko på nytt.

Sjukefråværet har i 2012 vore samansett, der noko har vore arbeidsrelatert grunna i endringane ved kontoret.

Björgvin er et stort bispedømme både med tanke på folketall og geografi. Det er difor viktig å ha ein stab på bispedømekontoret som er dimensjonert for dette. Kontoret har i dag særleg mangel på teologisk kompetanse, ut over kyrkjefagsjef. Stiftsdirektør tel ikkje med i dette biletet. Nokre av forvaltningsområda, særleg kyrkjekunst har og for lite ressursar. Med 184 sokn og 59 fellesråd har Björgvin bispedøme ei utfordring på volumet på saker knytt til forvaltningsområda, inkludert tilskotsordningar og trusopplæring. Kvar for seg ligg ein litt over andre samanliknbare bispedøme, men det er på totalen at det blir noko kritisk. Lite støttefunksjonar rundt biskop er og med i dette biletet.

Det i dag 17,8 årsverk fordelt på 21 personer som er tilsett ved kontoret. Det er då 4 deltidsstillingar. Med tanke på likestilling kan ein peike på nokre moment. I leiargruppa på fire, inkludert biskop, er det berre ei kvinne. På stillingar i deltidd og i forhold til gjennomsnittsløn kjem kvinner og dårlegare ut enn menn. Dette går først og fremst på fordelinga i dei ulike stillingskategoriane. I samanliknbare stillingar er det likare fordeling og i nokre kategoriar eit omvendt bilete.

Vi har ingen tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Av 23 søkarar på to stillingar var det bare 6 menn, og av dei to med fleirkulturell bakgrunn. Ingen av dei blei vurdert aktuelle ved innkalling til intervju. Vi vil likevel meine at vi har bevisst politikk på å ha ei god fordeling både på kjønn, alder og kulturell bakgrunn i staben når vi tilset nye medarbeidarar.

Utfordringa har vore manglande kjennskap til den norske kyrkja og at dei ikkje har nådd opp ved vurdering på formelle kriterium. I faste tilsettingar har det blitt tilsett 1 mann (2011) og 2 kvinner i 2012. I prosjektstillingar har det vore tilsett 2 kvinner og 2 menn, og med lik fordeling i prosentar.

Det blei satt i gang arbeid med å sjå på organiseringa av kontoret i 2012. Dette arbeidet blei landa, slik at ein frå januar 2013 har to avdelingar og ikkje tre seksjonar. Stiftsdirektør er i ny organisering ikkje lenger seksjonsleir for økonomi. Personal- og service seksjonen og økonomiseksjonen er nå ein administrasjonsavdeling. Rådgjever for økonomi er blitt økonomisjef, og er toar for avdelingsleiar. I kyrkjefagavdelinga er informasjonsmedarbeidaren toar for avdelingsleiar.

Dei blei i 2012 gjennomført ein Risikovurdering for drifta ved

bispedømekontoret. Prosessen rundt dette var med å auke medvitet om inhabilitet og kva som er viktige vurderingar å ta inn for å sikre god sakshandsaming ved kontoret. (Sjå vedlegg)

IT

Det vart ikkje teke i bruk nye IT system i 2012. Det er fortsatt slik at ein del prestar har utfordringar med å få registrert reiser / variabel løn i Portalen. Problematikken er ikkje einsarta, men i mange tilfeller har også Helpdesk - OVF-nett vort til hjelp for den lokale presten.

I 2011 fekk alle bispedømeråd spørsmål frå Kirkerådet om å bidra med eit beløp inn mot prosjektet IKT i kirken. I Bjørgvin valgte vi å ta dette inn i budsjetthandsaminga for 2012. Det vart utbetalt kr 50.000 til prosjektet. Vi er likevel av den oppfatning at prosjektet har fleire

risikofaktorer ved seg:

- Vi må sikre kontinuitet i det vi har. Det vi har i dag fungerer, det må verta ivareteke.
- Økonomi. Vi oppfattar ikkje at prosjektet har ein realistisk finansiering.
- Økonomi for fellesråda. Eit nytt IT prosjekt må ikkje tappa kyrkja for ressursar som pr i dag opplevast å vera på eit minimumnivå.

Visjonen om felles IKT-infrastruktur er god. Vi oppfordrar til samarbeid med eksisterande fagmiljø for å sikre drift innanfor rammer kyrkja kan leve godt med i framtida.

4.5. Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning

I 2012 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer.


<i>Biskopen si forvaltning av saker knytt til kyrkjebygg</i>		<i>Bispedømerådet si forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov</i>	
Ombygging av kyrkjer Av desse var 5 knytt til universell utforming (ute), 4 var søknad om varmpumpe	16	Løyve til sokn om å få ta opp lån	6
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	6	Omregulering/ending av kyrkjegardar	2
Godkjenning av orgel/flygel/klokkespel (1 av kvar)	3	Kyrkjegardsvedtekter	3
Kyrkjetekstil	13	Fråsegn til kommunale planar	15
Endringar i interiøret	2	Klagesaker, ein fekk medhald.	3
Kunstnarleg utsmykking	12	Godkjenning av ferdigstilt gravplass	1
Benker/stolar	5	Reglar for utleige av kyrkje	2
Tekniske installasjonar	6	Andre saker	2
Branntiltak	3		
Tekniske installasjonar	6		
Universell utforming (inne)	4		
Andre saker	3		
I tillegg har biskopen godkjent Moster amfi som vigselstad.			

4.6 Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd hadde i 2012 åtte møte og handsama 93 saker.

Bergen, 6. mars 2013


Inger Helene Thingvoll Nordeide
leiar Bjørgvin bispedømeråd


Halvor Nordhaug
biskop


Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Vedlegg

Gjennomført program for biskopen 2012

Etatstatistikksjema

Samlestatistikk for bispedømmet

Risikovurdering

Gjennomført program for biskopen i Bjørgvin 2012

Presteordinasjonar

Marte Ottesen, 26. februar
Runar Matsui-Li, 29. april
Maria Tveten, 3. mai
Carsten Mrusek, 22. september

Diakonvigsling

Ingrid Vik, 10. juni

Januar

17. – 22. Visitas Radøy, Austrheim og Fedje
27. Foredrag Reykjavik Universitet
30. Gudsteneste Hallgrimskirkja, Reykjavik

Februar

6. – 7. Prostekurs. Læringsleing.
8. Prostemøte
9. – 12. Visitas i Landås
15. – 17. Bispemøte, Oslo
21. Bispedømerådsmøte
22. Visitasmøte med Bergen kommune
23. Møte med prestane i Domprostiet

Mars

2. Mini-seminar om Cuba , Stefanusalliansen
7. Prostemøte
8. Leiarkonferanse for prostar og kyrkjevevjerer
13. – 15. Visitas i Tysnes
18. Visitasgudsteneste i Tysnes
21. – 27. Visitas Sjømannskirken Spania
28. Regionalt etterutdanningsutvalg
29. Bispedømerådsmøte
30. Styringssamtale i Departementet

April

8. (1.påskedag) Gudsteneste i Bergen Domkirke
13. – 17. Kyrkjemøte 2012
18. Biskopen si mottaking i Korskirken - utdeling av Johan Nordahl Brun-prisen
22. Preike ved gudstenesta i Bergen domkirke i samband med Rikskirkesangfesten
26. Innleiing til konsert med Filharmonien: «Elias» (Mendelsson) Grieghallen
27. Samlivsutvalget
28. Stefanusalliansen (Norsk misjon i øst)

Mai

4. Sentralt etterutdanningsutvalg,
8. Kontaktmøte med Presteforeningen
9. – 13. Visitas i Loddefjord
23. Dag for nytilsette
27. Gudsteneste i Moster Amfi
29. Bispedømerådsmøte
31. Samlivsutvalget i Oslo

Juni

4. Prostemøte
11. – 15. Bispemøte
18. – 21. O1 og O2 kurs
22. – 24. Sjømannskirken – Generalfors.

August

11. Ungdomsting
12. Totland kyrkje 100 år
20.– 21. Møte i Samlivsutvalet
27. Fagdag for diakonar
29. – 30. Visitas i Fusa.

September

2. Visitasgudsteneste i Fusa kyrkje
3. Bispedømeråd
3. Salmekveld
3. – 5. Prostemøte
6. Samlivsutval
10. – 14. Ledelseskurs MF
18. Kontaktmøte med PF og TeOLOgene
21. – 22. Visitas i Eid, Nordfjord

Oktober

2. Bispedømeråd
15.-19. Bispemøte, Oslo
24. – 26. Visitas i Biskopshavn/Eidsvåg
28. Visitasgudsteneste i Biskopshavn kirke
30. Sentralt Etterutdanningsutvalg

November

2.. Studentersamfunnet: Temakveld om Den katolske kyrkja
5. – 7. Prostemøte
8. Kontaktmøte med PF og TeOLOgene
8. Kveldsmesse for Kirkens sosialtjeneste (25-årsjubileum)
11. Søndag for de forfulgte
13. Bispedømeråd
18. Grunnsteinsnedlegging ny kyrkje i Etne
21. – 22. Visitas Bønes
25. Visitasgudsteneste Bønes

Desember

11. Bispedømeråd
12. Samtale med regissør Margreth Olin i samband med visning av filmen «De andre»
13. og 14. Introduksjon av konsert i Harmonien, Grieghallen
25. Juledagsgudsteneste, Domkirken

Møte med prostia om Ungdomsåret

20. sept. Nordfjord
27. sept. Sunnhordland
14. nov. Nordhordland og Ytre Sogn
15. nov. Vesthordland
16.nov. Midhordland
29. nov. Arna og Åsane, Fana og Bergen

Etatsrapportering 2012 - kap. 1591

Bispedømme:

BJØRGVIN

1 TILSETTINGER OG UBESATTE STILLINGER			
a	Antall ubesatte prestestillinger		4
b	Antall utlyste prestestillinger		5
c	...herav stillinger som er lyst ut flere ganger		
d	Antall søknader til prestestillinger	Kvinner	Menn
		4	29
			33
e	Antall tilsetninger	Kvinner	Menn
			Totalt
	<i>forrige tilsetningsforhold:</i>	0	3
			3
	Annen statlig prestestilling		1
			1
	Annen kirkelige stilling		1
			1
	Annen stilling utenfor kirken		0
			0
	Utdanning		1
			1
	Fra utlandet		0
			0
	Annet / ukjent		0
			0
2 FRATREDEN FRA PRESTESTILLINGER			
a	Antall fratredener	Kvinner	Menn
			Totalt
	<i>avgang til:</i>	1	6
			7
	Annen prestestilling	0	3
			3
	Annen stilling i kirken	0	0
			0
	Annen stilling utenfor kirken	0	1
			1
	Avtalefestet pensjon (AFP)	0	1
			1
	Alderspensjon (67 år eller eldre)	0	1
			1
	Annet / ukjent	1	0
			1
3 TJENESTEFORDELING			
a	Antall prester som er gitt et spesialisert ansvarsområde i prostiet innen...		10
	... gudstjenesteliv / kirkelige handlinger		0
	... barne- og ungdomsarbeid / trosopplæring / konfirmasjonsundervisning		3
	... diakonalt arbeid		0
	... annet område		7
4 ETTER- OG VIDEREUTDANNING			
a	Antall prester som har deltatt på etter- og videreutdanningskurs		163
b	Totalt antall studiedager for prestene		1087
5 ARBEIDSMILJØ / ARBEIDSTID			
a	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale		163
b	Arbeidsveiledning (ABV-kompetanse)		
	Deltagere ABV-tilbud		18
	ABV-kompetanse		13
c	Antall feriedager søkt overført til neste år		145
d	Antall fridager som ikke er tatt ut i løpet av året		0
6 PRESTEBOLIGER			
a	Søknader om fritak fra boplikt		8
	<i>Innvilgede søknader</i>		7
	<i>Avslåtte søknader</i>		1
	<i>Ubehandlede</i>		0

Bjergvin bispedøme - NØKKELTAL 2012 (førebels tal frå SSB)

	Døypte 3.1	Delt. søndags 4.a.1.b	Delt. andre gu 4.a.2.b	Delt. gudst. tot 4.a.3.b	Sundagsguds 4.a.1.a	Andre gudst 4.a.2.a	Nattverduds 4.c.1.a	Nattv. deltaka 4.c.1.b	Gudst. totalt 4.a.3.a	Gj.snitt. tot.gu	Gj.snitt.sund	Gj.snitt. Nattv	Konfirmerte 3.3	Offer totalt 11.1	Innmelde 2.1	Utmelde 2.2	Vigslar 3.4
Gamle Domprostiet 2012	306	45411	16045	61456	540	615	670	25313	1155	53,2	84,1	37,8	153	1275140	11	114	106
Gamle Fana 2012	782	73333	23707	97040	508	249	364	21930	757	128,2	144,4	60,2	854	1796348	32	89	133
Gamle Laksevåg 2012	354	32192	11864	44056	338	136	239	8617	474	92,9	95,2	36,1	463	1152861	11	62	44
Domprostiet 2012	549	66800	25160	91960	765	722	843	31276	1487	61,8	87,3	37,1	457	1891648	19	159	138
Arna og Åsane 2012	415	53070	13983	67053	400	152	261	12734	552	121,5	132,7	48,8	540	1453948	6	64	73
Fana 2012	893	84136	26456	110592	621	278	430	24584	899	123,0	135,5	57,2	1013	2332701	35	106	145
Midhordland 2012	336	33914	5384	39298	318	57	168	6429	375	104,8	106,6	38,3	296	1148924	6	24	78
Vesthordland 2012	625	57696	18196	75892	455	245	404	15432	700	108,4	126,8	38,2	693	1996842	8	67	111
Sunnhordland 2012	649	86347	20478	106825	794	256	491	21220	1050	101,7	108,7	43,2	696	2918789	15	62	126
Hardanger og Voss 2012	382	52886	8929	61815	616	173	297	10427	789	78,3	85,9	35,1	458	1640749	8	30	102
Nordhordland 2012	445	50377	12910	63287	557	169	337	10673	726	87,2	90,4	31,7	442	1741186	10	41	94
Ytre Sogn 2012	110	23052	2286	25338	405	47	208	3313	452	56,1	56,9	15,9	163	611368	6	12	28
Indre Sogn 2012	236	33201	4715	37916	442	62	214	4179	504	75,2	75,1	19,5	241	844889	0	14	69
Sunnfjord 2012	428	59663	10160	69823	589	142	331	10091	731	95,5	101,3	30,5	499	1795856	8	20	70
Nordfjord 2012	288	52600	8667	61267	611	74	276	7519	685	89,4	86,1	27,2	351	1564587	3	26	49
Alle prosti	5356	653742	157324	811066	6573	2377	4260	157877	8950	90,6	99,5	37,1	5849	19941487	124	625	1083
Bjergvin 2011	5598	677366	169277	846643	6658	2218	4172	151244	8876	95,4	101,7	36,3	6314	20558951	178	750	1122
Bjergvin 2012	5356	653742	157324	811066	6573	2377	4260	157877	8950	90,6	99,5	37,1	5849	19941487	124	625	1083
2011-2012	-242	-23624	-11953	-35577	-85	159	88	6633	74	-4,8	-2,3	0,8	-465	-617464	-54	-125	-39

Råd	Møtedato	Utvalgsak	Arkivsak
Bjørgvin bispedømeråd	11.12.2012	088/12	12/387

	Nei	Ja
<i>Framlegg om at saka vert handsama for lukka dører i medhald av § 3 i reglar om formene for bispedømerådet si verksemd.</i>	X	

Sakshandsamar: stiftsdirektør

Saksordførar: Cathrine W. Halstensen

Dato for administrasjonen si sluttbehandling av saka:

Risikovurderingar og vesentligheitsvurderingar 2012

Vedlegg:

Saksutgreiing:

RISIKOVURDERINGAR 2012 – BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Risikovurderingane er gjennomførde på kvar avdeling hausten 2012. Vurderingane tek utgangspunkt i brev av 22. juni 2011 frå FAD om økonomistyring i staten – intern kontroll. FAD ønskjer blant anna opplyst om verksemda har gjennomført risikovurderingar knytt til misleghald for verksemdsområdet. Vurderingar av risiko har blitt gjort på dei ulike områda tidligare, men her brukar ein felles metodikk for risikoanalysar med mål om å gje ei samla vurdering. Analysane går så inn som ein del av årsrapporten for 2012. Tiltaka og metoden vil gje grunnlag for kritisk refleksjon inn i arbeidet med tiltaksplan for 2013 og i dagleg drift. Risikovurderingane tek utgangspunkt i kva som kan gå galt og kvar kan tilliten som organisasjonen byggjer på, kan misleghaldast. Den beskriv ikkje at slik er det, men vurderer risiko for og ved eventuelle misleghald.

Risikovurdering – seksjon for Kyrkjefag

Deltakarar: Medarbeidarane ved seksjon for Kyrkjefag ved Bjørgvin bispedømekontor

Risikoområde

Følgjande områda blei vald for gjennomgang etter metodikken om risikoidentifisering:

Sakshandsamingsrutinar for det kyrkjefaglege området

Kyrkjefag (Kfag) har sakshandsamingsoppgåver for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd, og er forplikta på dei målsetjingar og visjonar som gjelder for Den norske kyrkja. I tillegg også for Bjørgvin bispedømeråd sitt eige strategidokument. Forvaltingslova

og offentleglova gjeld for Kfag sitt sakshandsamingsarbeid, som dessutan må skje etter dei lover og forskrifter som er fastlagt for Den norske kyrkja.

Kritiske suksessfaktorar

Vi har valt å foreta risikovurdering av sakshandsaminga i Kfag, med fokus på om den er tilstrekkeleg kvalitetssikra og fagleg forankra, i tråd med bispedømet sine målsetjingar og Den norske kyrkjas mål og visjon.

Ut i frå det vart følgjande **kritiske suksessfaktorar (KSF)** satt opp:

KSF: Kyrkjefagseksjonen har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å handsame dei saker som Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd har ansvar og mynde på, og gode nok rutinar til at sakshandsaminga er forankra i bispedømet si leiing og i fagseksjonen.

Risikoformuleringar:

Dei kritiske suksessfaktorane blei deretter omforma til risiko, og vurdert med omsyn til konsekvens og sannsynlege hendingar.

Risiko 1) Kyrkjefagseksjonen har ikkje kvalifisert kompetanse til å handsame dei aktuelle sakene. Sakshandsaming skjer på et ikkje-kvalifisert grunnlag, avgjerder blir tekne på grunnlag av feil informasjon, for eksempel i bispedømerådet. Bispedømerådet sitt omdømme blir svekka.

Mogleg konsekvens: Svært alvorleg

Sannsyn: Liten

Risiko 2) Kyrkjefagseksjonen har ikkje tilstrekkeleg ressursar/bemanning til å handsame dei aktuelle sakene. Fristar blir ikkje haldne, bispedømeråd og biskop får ikkje medverka på ein god nok måte i vedtaksprosessar. Bispedømet sine omdømme blir svekka.

Mogleg konsekvens: Svært alvorlig

Sannsyn: Middels

Risiko 3) Bispedømet har ikkje gode nok rutinar til å sørge for at sakshandsaminga får ei brei fagleg forankring. Dette kan bidra til at misleghald kan skje i form av at sakshandsamar tek avgjerder berre på grunnlag av eigen kjennskap til saka, eller etter påverknad av partar i saka.

Mogleg konsekvens: Svært alvorleg

Sannsyn: Liten

Risiko 4) Bispedømet har ikkje gode nok rutinar til å sørge for at kursverksemd blir prioritert i samråd med mål og visjonen til bispedømerådet. Dette kan bidra til at misleghald kan skje i form av at rådgjevarar/seksjonen tek avgjerder berre på grunnlag av eigne ønskje eller etter påverknad av partar i saka. Dette kan gå på at arrangement blir prioriterte i for stor grad ut frå kva som høver stab, meir enn behov hos målgruppa, til dømes med tanke på plassering, ressursar og tematikk.

Mogleg konsekvens: Svært alvorleg

Sannsyn: Middels

Risiko 5) Bispedømet har ikkje gode nok rutinar til å sørge for at prioriteringar rundt deltaking på kurs blir oppretthaldne i samråd med mål og visjonen til Bispedømerådet. Dette

kan bidra til at misleghald kan skje i form av at rådgjevarar tek avgjerder berre på grunnlag av egne ønskje eller etter påverknad av partar i saka. Det kan oppstå kollisjon rundt ønskje om å delta på eksterne kurstilbod, sett opp mot å ha ressursar til arrangere bispedømetts egne kurs eller å ha ressursar til sakshandsaming.

Mogleg konsekvens: Svært alvorleg
Sannsyn: Middels

Risikoreducerande tiltak:

Prioritet 1: Redusere risikoen for at mislighald kan skje i form av at sakshandsamer tek avgjerder berre på grunnlag av eigen kjennskap til saka, eller etter påverknad av partar i saka.

Tiltak:

- a) Inngåande og utgåande brev og e-postar blir journalførde i websak og vurderte etter offentlegloven.
- b) Alle brev blir signerte av sakshandsamar og biskop/stiftsdirektør.
- c) Alle saker til Bispedømerådet blir handsama i samråd med stiftsdirektør, med kopi til kyrkjefagsjef.
- d) Kyrkjefagsjef held seg orientert om den enkelte sakshandsamar sine aktivitetar og oppgåver.
- e) Saker med større økonomiske eller ressursmessige implikasjonar blir handsama i leiargruppa.
- f) Saker som er knytte til bispedømetts felles mål og strategiar, blir drøfta i seksjonsmøte for kyrkjefag og sirkulert på intern post.
- g) Overordna prioriteringar blir drøfta i bispedømerådet.
- h) Sakshandsamar sin habilitet i den enkelte sak blir vurdert av leiinga.

Konsekvensen av ikkje å ha gode rutinar for å sikre eit godt grunnlag for avgjerda, blir vurdert som meir alvorleg enn at ein ikkje alltid klarar å overhalde fristen for sakshandsaminga. Det viktigaste målet er at sakshandsaminga skjer på eit sakleg og kvalifisert grunnlag.

Prioritet 2: Redusere risiko ved at ressursar ikkje blir brukt i tråd med bispedømetts egne mål og visjon.

Tiltak:

- a) Tiltaksplan blir utarbeidd i fellesskap i seksjonen, og i samvirke med dei andre seksjonane og blir vedtatt av bispedømerådet. Den er også lagt fram i kontaktmøte med PF og TeoLogene, og i dei ulike utvala.
- b) Søknad om deltaking på lengre kurs og etterutdanning blir handsama i leiargruppa. Frå hausten 2012 har ein innført same fristar rundt dette som for REU for presteskabet.
- c) For deltaking på kortare kurs skal dette godkjennast av seksjonsleiar. Kvar rådgjevar har sjølv eit budsjett ein er ansvarleg for, seksjonsleiar skal sjå deltakinga i samanheng med planlagt aktivitet og bemanning.
- d) Det ligg samstundes opparbeidde sedvanar knytt til mellom anna rådgjevarsamlingar som kan kome i konflikt med bispedømetts egne datoplanar. Ei innskjerping på kva som har øvste prioritet ved kollisjon kan vere naudsynt å drøfte.
- e) Deltaking på kurs gjev kompetanse. Representasjon er viktig for å vere synleg i ulike fora. Det er viktig at rådgjevar som har fagområdet deltek. I nokre tilfelle kan det være aktuelt at fleire enn ein deltek, men dette skal då leiinga klarere. Det er her ein risiko

for at ein elles bind opp unødige ressursar. Dette kan ha uheldig signaleffekt både innan staben og sett frå utsida.

- f) For gjennomføring av kurs er kva som høver målgruppe eit viktig styringsparameter. Kva vekedagar høver for prestane? Kva vekedag høver for diakonar? Når er det haustferie i Sogn og Fjordane? Ved val av plassering som ligg tett opp til travle periodar for målgruppa, kan ein undergrave motivasjon for deltaking og eige omdøme til dømes som arbeidsgjevar. Rytmen til bispedømekontoret er ulik den som til dømes prestane har. For å lage gode samlingar for til dømes prestane, er dette viktig å ta omsyn til.
- g) Utløysande faktor for reiser, kursdeltaking, plassering av kurs skal vere verksemda sine behov, ikkje eigne. I ei kompetanseverksemd, med autonome medarbeidarar er dette bygd på tillit til at prioriteringane er kvalitetssikra med dette for auge. Seksjonsleiar har kontrollfunksjon på sin seksjon, på prioritering og innhald i reiseverksemd. Stiftsdirketør har kontrollfunksjon for seksjonsleiarane og biskop. Stiftsdirektør sine reiser blir lagt fram for leiar i bispedømerådet for kontroll og signatur.
- h) Kontrollmekanismen ligg i openheit og drøfting med næraste leiar. I saker som omhandlar større verdiar knytt til økonomi og tidsbruk, skal det vere skriftleg dokumentasjon med ei kort utgreiing av budsjett, tidsplan og ressursbehov.

Prioritet 3: Redusere risiko ved at kyrkjefagseksjonen ikkje har kvalifisert kompetanse eller ressursar til å handsame ei aktuell sak.

Tiltak:

- a) Fleire av rådgjevarane har spisskompetanse som ikkje andre automatisk kan gå inn i. Ved sjukdom og permisjonar blir dette sårbart. På dei mest «kritiske» saksområda - trusopplæring, forvaltningsspørsmål rundt kunst, kyrkjegarder, informasjonsarbeid og høyringar, må ein sikre at ein har «backup» ved at fleire har kompetansen.
- b) For å sikre raskare handsaming på rådgjeving rundt generelle kyrkjefagelege spørsmål av enklare karakter, vil ein i større grad enn i dag bygge opp kompetanse ved at spørsmål utanfrå skal gå på omgang til alle i seksjonen. Sakene skal ikkje berre gå til den/dei som har mest kompetanse, sjølv om det kan opplevast enklast der og då. Det langsiktige målet er at alle i seksjonen i størst mogleg grad kan svare på slike spørsmål.
- c) I høyringar og spørsmål utanfrå der ein ikkje finn å ha tilstrekkeleg kvalifisert kompetanse, må ein anten søke assistanse frå andre eller svare at ein ikkje kan svare.
- d) Det må vurderast om kompetansen kan finnast hos andre, til dømes i departementet, kyrkjerådet, hos andre bispedømekontor, i bispedømerådet, i presteskapet eller på fellesrådsida.
- e) I høyringar som ligg utanfor fagfelta som er representert i kyrkjefagseksjonen må ein vurdere om saka inneheld element som gjer det viktig å svare og eventuelt korleis ein skal finne kompetansen. Dette blir gjort i samråd med biskop og bispedømerådsleiar. Vurderinga må ligge på om ein er i stand til å gje eit kvalifisert bidrag til høyringa.
- f) Bjørgvin bispedøme har og spisskompetanse på fagfelt der andre bispedømeråd ikkje har slik kompetanse, til dømes på Forbruk og rettferd. Ei samordning mellom bispedøma på enkelte høyringar vil vere betre ressursutnytting. Dette tek ned noko risiko knytt ein pressa ressurssituasjon og med omsyn til kvalitet. Betre med ei kvalifisert høyring frå kyrkjeleg hald, enn mange halvbra.

Risikovurdering i Personal-, service- og økonomi- seksjonane

Deltakare: Medarbeidarane på personal-, service- og økonomi - seksjonane

Risikoområde

Dei tilsette si teieplikt etter forvaltingslovas §13 og for ordinerte prester, Straffelovens § 144. Dette gjelder både fast tilsette og engasjerte/vikarar.

Hovudmål

Sørgje for at alle tilsette ved bispedømmekontoret kjenner til lovverket rundt teieplikt

Delmål

- ♦ Bidra til gode informasjonsrutinar ved inntak av nytilsette.
- ♦ Sikre at nytilsette ved bispedømmekontoret, midlertidige så vel som fast tilsette, får nødvendig innføring i lovverket rundt teieplikt
- ♦ Bidra til at bispedømmekontoret profilerer seg som ein seriøs aktør i forhold til å handtera meiroffentlegheit og i det ivareta nødvendig teieplikt

Kritiske suksessfaktorar

Bispedømmet er bevisst på gjennom gode rutinar å sørgje for at dei tilsette er informerte om og held seg til regelverket rundt teieplikt, slik at teiepliktig informasjon ikkje lekk ut i det offentlege rom eller til andre enn dei som er part i eventuelle saker.

Risikoformuleringar

1. Bispedømmet har ikkje kvalifisert kompetanse til å ivareta regelverket rundt teiepliktige opplysingar
Konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Liten
2. Bispedømmet sine medarbeidarar er ikkje lojale til lov- og regelverk.
Konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Liten
3. Bispedømmet har ikkje gode nok rutinar for å sikre at alle medarbeidarar får nødvendig informasjon på et tidlig nok tidspunkt i sitt arbeidsforhold
Konsekvens: Alvorlig
Sannsyn: Liten
4. Manglande kunnskap om regelverk rundt offentlegheit og teieplikt fører til at medarbeidarar formidlar informasjon til offentlegheita eller til andre enn de som er part i saker som blir behandla
Konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Liten

Risikoreducerande tiltak

Prioritet 1: Redusere risikoen for at tilsette på grunn av manglande bevisstgjerjing og informasjon lekker informasjon

Tiltak:

1. Skjema «Teieplikterklæring» blir lagt som vedlegg når brev med arbeidsavtale vert sent ny medarbeidar. Underskrive erklæring blir arkivert saman med arbeidsavtalen.
2. Eit punkt om regelverket rundt teieplikt blir tatt inn i rutinebeskrivingane som blir brukt i planlegging av innføringsprogram for nye medarbeidarar.
3. Bispedømmekontoret sørgjer for at alle medarbeidarar i arkivfunksjonen har kurs/skulering i lovverket
4. Saksbehandlarar må konsultere arkivar i saker som blir vurderte som uklare, for saman å vurdere sakene og slik kvalitetssikre best mogleg, men og for kompetanseoverføring mellom arkivtenesta og sakshandsamarar.

Risikovurdering i personal- og økonomiavdelinga

Deltakare: Medarbeidarane i pers/øk

Risikoområde

Følgjande område blei valt for gjennomgang etter metodikken om risikoidentifisering:

Offentlige anskaffing

Formålsparagrafen i Lov om offentlige anskaffelser lyder:

”Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.”

Bjørgvin bispedøme er underlagt Lov om offentlige anskaffelser med tilhørande forskrifter.

Kritiske suksessfaktorar

Vi har valt å foreta risikovurdering av om Bjørgvin bispedøme sikrar gjennomføring av Lov om offentlige anskaffelser med forskrifter. Dette blir sett som kritisk for å motverke misleghald.

Ut i frå det ble følgjande **kritiske suksessfaktorar (KSF)** satt opp:

KSF: Bispedømmet har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å overhalde eit komplisert regelverk, og gode nok rutinar til at alle større innkjøp vert foretatt innanfor regelverket.

Risikoformuleringar:

Dei kritiske suksessfaktorar blei deretter formulerte til risiko, og vurdert med omsyn til konsekvens og sannsyn.

Risiko 1) Bispedømmet har ikkje kvalifisert kompetanse til å ivareta det formelle regelverket kva angår anbudsprosessar iht Lov om offentlige anskaffelser.

Mulig konsekvens: Moderat alvorlig
Sannsyn: Liten

Risiko 2) Bispedømmet har ikkje tilstrekkelig ressursar i form av tidsbruk til å ivareta regelverket om offentlige anskaffing.

Mulig konsekvens: Moderat alvorlig
Sannsyn: Middels

Risiko 3) Bispedømmet har ikkje gode nok rutinar til å sørgje for at alle større innkjøp blir gjort innanfor regelverket. Dette kan bidra til at mislighald ved kjøp av varer og tenester kan vera mogleg for den som ønskjer å oppnå urettmessige fordelar.

Mulig konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Middels

Risikoreduserande tiltak:

Prioritet 1: Redusere risikoen for at innkjøp vert gjort utanfor regelverket om offentlige anskaffing.

Tiltak:

- a) Alle større innkjøp og forhandlingar av avtalar vert gjennomført i samarbeid med rådgjevar for økonomi.
- b) Det må gjennomførast budsjettkontroll med det føremål å vurdere om innkjøp er innanfor avtalar som er gjort.
- c) Økonomifunksjonen må kontrollerast av stiftsdirektør i forhold til punkt a) og b).

Konsekvensen av å halde innkjøp unna krava til regelverk blir opplevd som meir alvorleg enn at ein ikkje overheld regelverket sine formalia. Det å bli tatt på formelle feil kan medføre problem i sakshandsaming og auka ressursbruk, ny runde på anskaffing med meir. Men, så lenge ein ikkje urettmessig gjev fordelar til enkelte leverandørar vil det ikkje medføre noko i retning av misleghald.

Dette er årleg tema ved den årlege samlinga for alle som har budsjettansvar.

Tilstrekkeleg prestebemanning i alle sokn

Kritiske suksessfaktorar

Vi har valt å foreta risikovurdering av om Bjørgvin bispedøme har tilstrekkeleg prestebemanning i alle sokn.

Ut i frå det ble følgjande **kritiske suksessfaktorar (KSF)** satt opp:

KSF: Bispedømmet har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å tilsette gode prestar i dei stillingar som blir lyste ledige.

Risikoformuleringar:

Dei kritiske suksessfaktorar blei deretter formulerte til risiko, og vurdert med omsyn til konsekvens og sannsyn.

Risiko 1) Bispedømmet har ikkje kvalifisert kompetanse til å ivareta det formelle regelverket som gjeld tilsettingsarbeidet.

Mogleg konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Liten

Risiko 2) Bispedømet har ikkje tilstrekkeleg søkjargrunnlag til å sikre god bemanning i alle sokn.

Mulig konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Middels

Risiko 3) Bispedømet har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å både sikre god bemanning i distrikta og nye sokn i vekstområda.

Mulig konsekvens: Svært alvorlig
Sannsyn: Middels

Risikoreducerande tiltak:

Prioritet 1: Redusere risikoen for å ikkje ha tilstrekkeleg søkjargrunnlag til å sikre god bemanning i alle sokn.

Prioritet 2: Sikre god fordeling av presteressursane.

Tiltak:

- a) Arbeide aktivt med ulike rekrutteringstiltak.
- b) Offensiv satsing på Ungdomsår 2013
- c) Det er viktig å ikkje tilsette når ein er i tvil om søkarane er dei rette til stillinga, sjølv om det har vore utlyst med lite søkjargrunnlag ein eller fleire gonger tidligare.
- d) Følgje opp vedtak om omfordeling av presteressursane frå 20.4. 2010, og bygge på kriterier fastsette i dette arbeidet.
- e) Tiltak sett i verk for å sjå på strategisk arbeid med å vera kyrkje i grisgrendte strøk, og på ressursituasjon rundt små og store konfirmantkull.
- f) Gjennomføre jobbanalyse/bemanningsanalyse i det einskilde prosti. Sikre best mogeleg aldersfordeling innad i prostia, for å kunne ha god livfasepolitikk og rekrutteringsprofil.

Stiftsdirektørens framlegg til vedtak:

Bjergvin bispedømeråd tek risikovurderingane til vitande

088/12: Risikovurderingar og vesentligheitsvurderingar 2012

BDDR-088/12 11.12.2012 Bjergvin bispedømeråd vedtak:

Bjergvin bispedømeråd tek risikovurderingane til vitande

Votering:

Stiftsdirektøren sitt forslag vart vedteke samrøystes.

Saman vil vi ære Den treeinige Gud

- ved å forkynne Kristus,
byggje kyrkjelydar og
fremje rettferd

Bjergvin biskop og bispedømeråd

Postboks 1960, 5817 Bergen. Telefon 55 30 64 70. E-post: bjergvin.bdr@kyrkja.no. <http://kyrkja.no/bjergvin>
Utforming: Vetle Karlsen Eide og Jens Z. Meyer, basert på utforming ved Geir Myre, Agder og Telemark bispedømekontor
Ansvarleg redaktør: stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit.